


*Illus 3*  
Fiskeridirektoratets  
Bibliotek

# ÅRSMELDING


1956

1956/6 3007

HAVFORSKNINGSINSTITUTET  
INSTITUTE OF MARINE RESEARCH



# INNHOLD



Melding fra styret ..... 4

Organisasjon ..... 8

Økonomi ..... 10

Tokt ..... 12

Personale ..... 13

## Forskningsprogramma - resultat i 1995:

Ressursovervaking og rådgjeving ..... 16

Overvaking og tilstandsvurdering av havmiljøet ..... 18

Økosystem Norskehavet «Mare Cognitum» ..... 20

Reproduksjon og rekruttering ..... 22

Populasjonsdynamikk og fleirbestandsmodellering ..... 24

Mengdemålingsmetodikk ..... 26

Ansvarleg fiske ..... 28

Yngelproduksjon i havbruk ..... 30

Oppdrettsorganismar - helse, vekst og kjønnsmoging .. 33

Havbeite ..... 36

Miljøkvalitet ..... 38

Fiskeriforskning i u-land ..... 40

Samarbeid og informasjon ..... 42

Kontaktar ..... 44

Publikasjoner og foredrag 1995 ..... 45

## HAVFORSKNINGSINSTITUTTET ER

*eit nasjonalt forskingssenter for liv og miljø  
i havet og på kysten.*

## HAVFORSKNINGSINSTITUTTET SKAL

*utforske og overvake livet, miljøet og samspelet  
mellan dei ulike organismane i havet og i farvatna langs kysten*

*framstaffe ny og oppdatert kunnskap om marine ressursar  
som er viktige for fiske, fangst og havbruk*

*utvikle teknologi og biologisk grunnlag for ei rasjonell og  
framtidsretta fiskeri- og havbruksnæring*

*gje råd til styresmakter og næring om forvalting av  
havmiljøet og dei marine ressursane*

*formidle forskingsresultat for å fremje fiskeri-,  
havbruks- og øvrige samfunnsinteresser*

# M E L D I N G F R Å S T Y R E T

**H**avforskinsinstituttet si hovudoppgåve er å utforske og overvake havmiljøet og dei marine ressursane - og gjennom forsking leggje grunnlaget for næringsutvikling og forvalting innan havbruk. Data samla inn frå eigne forskingsfartøy, leigebåtar, frå landa fangstar, frå samarbeidande institusjonar m.v. blir gjennom ei arbeidskrevjande handsaming til ein årvisss oppdatert kunnskapsbase. Det er denne kunnskapen som ligg til grunn for instituttets råd til styresmaktene om korleis ein bør trygge eit godt havmiljø og hauste for å få eit maksimalt og vedvarande utbytte frå havet. Instituttet si havbruksforskning framskaffar kunnskap som ligg til grunn for forvaltingsråd til styresmaktene og skal medverke til utvikling av ei havbruksnæring tufta på eit biologisk godt og miljømessig trygt grunnlag for verdiskaping.

Etter Styret si vurdering har Havforskinsinstituttet i 1995, med dei midlane instituttet har fått til rådvelde, gjeve styresmaktene forvaltingsråd tufta på omfattande overvakning og god forsking.

Styret er nøgd med at instituttet sine forskingsresultat er svært etterspurte her heime, og at dei internasjonalt blir høgt verdsette.

På fleire områder vil det truleg i åra som kjem bli stilt enno strengare krav til solid kunnskapsgrunnlag for forvalting av havmiljøet, og for hausting og dyrking av havet. New York-avtalen har innført det såkalla

"føre var"-prinsippet i forvaltinga av marine ressursar, og Rio-avtalen krev forsking på biologisk mangfold (biodiversitet). Det er difor viktig at Havforskinsinstituttet maktar å trygge og vidareutvikle den kompetansen instituttet har bygt opp.

Instituttet si u-landsforskning, på oppdrag frå NORAD, har i 1995 gått som planlagt. I tillegg til å gje utviklingsland auka kunnskap og kompetanse for framtdsretta forvalting av sine marine ressursar, gjev denne verksemda viktige faglege og menneskelege impulsar tilbake til HI. Det er også positivt at instituttets havbruksforskarar no kan kome med i den u-landsretta forskinga.

Havforskinsinstituttets løvingar direkte over statsbudsjettet har vore heller uendra dei siste åra. Styret er difor glad for at instituttet også i 1995 har klart å få inn pro-

sjektmidlar til å oppretthalde aktiviteten innan viktige felt. Styret er også nøgd med at instituttet no får positivt svar på mange søknader om prosjektmidlar frå EUs ulike forskingsprogram.

Styret ser imidlertid med stor uro på at den nasjonale innsatsen innan havbruksforskninga har stagnert og reelt gått attende i 90-åra. Dette kan få negative verknader for den raskt veksande havbruksnæringa som vil møte nye utfordringar. Det er viktig at desse kan handsamast og løysast så tidleg som råd er for å hindre store negative verknader for næringa. Skal forskinga utvikle eit godt forskingsmessig grunnlag for nye artar i norsk havbruk - som kveite og skjel - må det offentlege ta eit særleg ansvar og satse monalege midlar. Instituttets havbruksforskning er i dag så avhengig av kortsiktig prosjektfinansiering at det er vanskeleg å planleggje og gjennomføre ei langsiktig strategisk havbruksforskning.

Kostbart forskingsutstyr, bygningar og fartøy treng fornying etter års slitasje. Men offentlege institusjonar møter her eit regelverk som gjer slike fornyingar vanskelege. Styret vonar difor at Fiskeridepartementet i samarbeid med instituttet kan få laga ein plan for slike naudsynte fornyingstiltak.

Styret er glad for at Stortinget har løyvt midlar til nytt tilbygg og ombygging ved HI på Nordnes, og at byggearbeida dermed kjem i gang våren 1996. Her vil instituttet mellom anna få moderne kjemi- og havbrukslaboratorium, som stettar dei strengaste krav til kvalitetssikring / akkreditering.

For Styret er det overordna viktig at HI til eikvar tid har ei god teknologisk plattform - det vil seie gode metodar og reiskapar for innsamling, kvalitetssikring og handsaming av data.

I denne samanhengen er Styret nøgd med at det i 1995 vart utarbeidd ein plan for informasjonsteknologi (IT) ved instituttet. Styret meiner at HI må vere ein leiande brukar av moderne IT, for rasjonelt å kunne handsome og utnytte dei store datamengdene instituttet årleg samlar inn. Dette er også ein føresetnad for frameleis å bli vurdert som eit leiande institutt innan marin forsking.

IT-planen er ikkje minst viktig i arbeidet med den nye databasen ved instituttet, som mellom anna vil gjere det lettare å samkøyre gamle og nye dataseriar, og kunne kopple havmiljødata til rekruttering og bestandsutvikling for kommersielle fiskeartar. Dette er eit viktig steg i arbeidet

for å kunne gje tidlege varsel om utviklinga i viktige fiskebestandar.

HI er eitt av tre institutt som har fått i oppdrag å gje råd om korleis Det internasjonale råd for havforskning (ICES) skal organisere sin sentrale database. Dette ser Styret som eit teikn på at HI har ITkompetanse på eit høgt internasjonal nivå.

For å kunne dokumentere gode og etterprøvbare rutinar innan både administrativt og forskingsmessig arbeid, er instituttet no godt i gang med å gjennomføre eit storstilt kvalitetssikringsarbeid, lagt opp etter såkalla ISO-standarder. Ein slik prosess er, etter Styret si vurdering, både nyttig og naudsynt, ikkje minst for å kunne dokumentere at forvaltingsrådgjevinga står på eit fagleg trygt grunnlag.

Styret har i 1995, i tråd med tilrådingar frå den faglege evalueringa av instituttet i 1994, vurdert samansetjinga og organiseringa av forskingsprogramma ved HI. Frå og med 1996 er forvaltingsrådgjeving knytta til dei tre forskings-sentra skilt ut som eigne linjeprogram. Den rutinemessige overvakinga og rådgjevingskompetanse knytta til havmiljø, marine ressursar og havbruk ligg i desse linjeprogramma - medan forskingsprogramma skal framskaffe nye metodar og ny grunnleggjande kunnskap som mellom anna skal medverke til å gjere rådgjevinga betre.

Oppgåver knytta til kysten og kystnære farvatn vil auka monaleg. Styret har difor gått inn for at instituttet frå 1996 etablerer eit forskingsprogram omkring ressursar og miljø i kystsona. HI vil samarbeide nært med andre institusjonar som har kompetanse og verksemrd innan dette området.

Instituttet har i 1995 kome godt i gang med forskingsprogrammet som skal utvikle betre reiskapar og metodar for innsamling og handsaming av data knytta til bestandsvurderingar. Dette er ei overmåte viktig oppgåve, nettopp for å kunne gje trygge råd om hausting av dei fornybare fiskebestandane i våre farvatn.

Styret i 1995 bedt om ei evaluering av den "repeterande verksemda" ved instituttet. Dette for å få ei kvalifisert vurdering av kor god og relevant HIs miljø- og ressursovervaking er, og kor godt instituttet nyttar ressursane knytta til denne verksemda. Dette vil vere ei oppfølgjing av evalueringa frå 1994 av forskings-verksemda ved HI. Til å gjennomføre dette arbeidet har styret utpeika ei gruppe eksterne fagfolk med internasjonal deltaking.


## RESSURSAR OG FANGSTTEKNOLOGI

Fiskeressursane våre har dei siste åra gitt grunnlag for eit stabilt høgt fangststuttak. Dette skuldast ikkje minst ei forsvareg forvalting og utnytting av dei ulike fiskebestandane.

Etter Styret si vurdering er bestandsovervakinga og rådgjevinga ved Havforskingssinstituttet avgjerande viktig i denne samanhanga. I 1995 gav HI forvaltingsråd for 45 bestandar, hovudsakleg gjennom deltaking i arbeidsgrupper og rådgjevingskomitéen i Det internasjonale råd for havforskning (ICES). I bestandsvurderingane nyttar instituttet no i aukande grad data frå fleirbestandsarbeidet og forventa utvikling i havklimaet. I 1995 har fleirbestandsforskinga mellom anna framskaffa betre kunnskap om kannibalisme, som no blir nyttta direkte i bestands- og fangstprognosar for norsk-arktisk torsk. HI har kontinuerleg overvaking av dietten til torsken, og data frå denne blir brukt i berekningar av den individuelle veksten hos torsk. I samsvar med internasjonale avtalar for forvalting av fellesbestandar, har rådgjeving om sonefordeling kravd auka innsats. I 1995 vart det i samarbeid med Island, Færøyane og Russland utført eit omfattande arbeid for å klarlegge sonefordeling av norsk vårgytande sild, som hovudgrunnlag for deling av denne ressursen mellom kyststatane og internasjonalt område.

I 1995 har instituttet arbeidd vidare med å kunne nytte sonar til mengdemåling av stimfisk, og metoden vart i fjar brukt aktivt for å kartlegge vandringsmønsteret til norsk vårgytande sild. Det vart ellers oppnådd gode resultat med ein nyutvikla prøvetakingstrål, med fleire fiskeposar som kan opnast og lukkast ved hjelp av fjernkontroll, slik at ein kan ta tre ulike prøver (til dømes på ulike djup) i eitt trålhål.

Dette vil både gje betre prøver og effektivisere prøvetakingsarbeidet. Samstundes arbeider instituttet kontinuerleg med å betre bestandsovervakinga, til dømes gjennom den nye haustgranskinga av botnfisk i Barentshavet. Siktemålet er her meir presise bestandsmål for torsk og hyse.



Innan metodeutvikling for eit meir selektivt fiske er det gledeleg å registrere at sorteringsrist i reketrål no vert brukt i stadig fleire land. I samarbeid med Fiskeridirektoratet og Universitetet i Tromsø, gjorde HI i 1995 samanliknande forsøk med norsk og russisk ristsystem i torskestrål, og desse danna grunnlaget for vedtaket om å innføre ristsortering i Barentshavet frå og med 1997. Med omsyn til artsseleksjon viser forsøk lovande resultat med omsyn til å skilje torsk, sei og hyse i trålfisket. I linefisket har eit nyutvikla agn vist klar arts seleksjon mellom torsk og hyse.

## MILJØ

Hovudmålet for miljøforskinga ved instituttet er betre kunnskap om miljøtilhøva i havet - kunnskap som skal medverke til ei framtidssikring og heilskapleg forvalting av havmiljøet. Ei viktig oppgåve for HI er å lage prognosar for miljøendringar, og talfeste korleis desse endringane verkar inn på rekruttering, vekst, fordeling og vandring hos fisk. Ei anna oppgåve er å dokumentere nivået av ureining i norske havområder.

Havområda var i åra 1987-93 uvanleg varme og gav gode rekrutteringsvilkår for fisk. Vi er no truleg inne i ein avkjølingsperiode skulda lågare temperatur i det innstrøymande atlanterhavsvatnet. Men i 1995 auka temperaturen til over normalen i Barentshavet, og vi registrerte ein svak temperaturauke også i Nordsjøen. Nord av Island fekk vi derimot eit kaldare havklima, og dette saman med meir austleg utbreiing av Aust-Islandsstraumen kan ha medverka til redusert innvandring av norsk vårgytende sild til islandsk sone i 1995.

Styret har merka seg at kartlegginga i programmet "Mare Cognitum" har vist at der i Norskehavet er store mengder plankton og småfisk. Biomassen av raudåte og andre små dyreplankton er rundt 100 millionar tonn, og der kan finnast like store mengder krill og amfipodar. Av mesopelagisk små fisk, som laksesild og lysprøkfisk, er der i Norskehavet fleire millioner tonn. Desse mengdene plankton og fisk er viktige i økosystemet i Norskehavet, som næring og næringskonkurrentar til kommersielle fiske slag. Dei kan også vere ein stor og interessant ressurs som før til norsk oppdrettsnæring. Her ligg det etter Styret si vurdering viktige utfordringar.

Ein viktig del av miljøforskinga ved HI er kartlegginga av miljøgifter i norske havområder som har halde fram i 1995. I samarbeid med Noregs geologiske undersøkelser og Statens forureiningstilsyn (SFT) har instituttet granska miljøgifter i sedimenta i Skagerrak i prosjektet «Marin-geologisk kartlegging» (MGK), og resultata blir no oppsummert. Ved bruk av kjerneprøver og datering i sedimenta har vi fått eit interessant bilet over tidsutviklinga og dynamikken i tilførslene av ureining til Skagerrak, som fungerer som utsynkingsområde for Nordsjøen. Metall og organiske miljøgifter har vist ein auke sidan omlag 1850, medan vi for nokre stoff har registrert ei utflating eller ein nedgang dei siste tiåra. Barium, nytta som vektstoff i borevæsker i oljeindustrien i Nordsjøen, viser derimot ein klar auke etter ca. 1970. Dette viser at dei betydelige utslipps av borevæsker og borekaks i Nordsjøen dei siste 25 åra gjennom sprenging og utsynking har etterlate eit tydeleg signal i sedimenta i Skagerrak.

Etter Styret si vurdering er det viktig at HI kan oppretthalde ei forsvarleg overvaking av miljøgifter og andre typar ureining i våre kyst- og havområde, ikkje minst for å kunne dokumentere "helsetilstanden" i norske farvatn og i sjømat frå Noreg. Den planlagte opprustinga av kjemilaboratoriet ved instituttet er i denne samanhanga svært viktig.

## HAVBRUK

Norsk laksenæring har hatt ein stor vekst dei siste åra. Slik Styret ser det er det ei viktig oppgåve for havbruksforskinga ved instituttet å vere med på å trygge ei positiv og konkurransedyktig utvikling i næringa, noko som òg inneber at nye forskningsresultat raskt blir formidla og tekne i bruk. Havforskningsinstituttet har i 1995 tilført laksenæringa vesentleg ny kunnskap om avl, fôr, føring, teknologi, helse og hygiene.

Kunnskap om bruk av lys og resultat frå bruk av akustisk føringkontroll er tekne i bruk. I 1995 fekk vi òg ved geneteknologi utvikla og teke i bruk ei vaksine mot IPN (Infeksiøs pankreas nekrose).

Lakselus synest vere eit aukende problem både for oppdretts- og villaks. Løysinga på dette er i dag først og fremst å kunne gje gode varsel om "oppblomstring" av lakselus, og finne fram til god og tilpassa behandling. Kvaliteten av laks er eit viktig område som krev stor innsats. Ulike marked har forskjellige krav med omsyn til farge, fastleik, feitt, innhold av fleirumetta feittsyrer osb. Styret er nøgd med at instituttet gjennom forsking og forsøk med ulike typar fôr har medverka til betre styring av kvaliteten på oppdrettslaks.

Instituttet har også arbeidd med problem knytta til vekst og fysiologi, genetiske skilnader i fordøyning, stamfisk-hald og steril laks (triploid) i 1995. Etter Styret si vurdering er det særleg viktig å få auka kunnskap om genetisk samspel mellom fisk i merd og villfisk.

Kunnskap om laksefisk er i stor grad blitt internasjonal sameige. For kveite derimot må kunnskap i all hovudsak utviklast i Noreg. Produksjon av matfisk synest no å kunne gjennomførast i modifiserte laksemerder, med langt lågare investering enn ved landanlegg. Ved styrt lysbruk kan forskarane i dag få kveita til å gyte til ulike tider av året, men problema knytt til startfôring av kveitelarvane har ein enno ikkje løyst. Etter Styret si vurdering er det her behov for ein vesentleg forskingsinnsats om vi skal få ein stabil produksjon av setjefisk for ei kveitenæring.

Når ein fisk som kveite skal bli husdyr, må ein også forvente sjukdomsproblem, og desse må løysast i god tid for å hindre store tap i ei framtidig kveitenæring. Forskarane har i dag lite kunnskap om kveita sitt immunsystem. Bakteriesjukdomar vil truleg kunne handsamast ved å tilsette føret "smille" bakteriar, som hindrar vekst av sjukdomsframkallande bakteriar. Ein virussjukdom, VNN (viral nervenekrose) har derimot vist seg å vere eit problem for oppdrettskveita, og instituttet arbeider med å løysa dette problemet. Å utvikle ei vaksine tek imidlertid fem til år, det er difor viktig å satse på denne typen forsking.

Styresmaktene har peika ut skjel, tilliks med kveite, som nasjonale satsingsområde for norsk havbruk. Slik Styret ser det, har Noreg gode naturgitte føresetnader for dyrking av skjell. Utfordringa i dag er å utvikle ein optimal yngelproduksjon, etablere hengekulturar og få meir kunnskap om dyrking av kamskjell på grunne botnområder. Ei sat sing på skjel er avhengig av at styresmaktene legg tilhøva til rette for ei slik næring, og særskilt viktig er det å få etablert eit kontrollapparat for overvaking av giftinnhald i skjel. Havforskningsinstituttet var i 1995 den eineste leverandøren av torskeyngel, og denne vart produsert ekstensivt i poll. Arbeid med intensiv produksjon av yngel har halde fram i avgrensna grad. Skal torsk bli oppdrettsfisk, må det utviklast ein effektiv metode for yngel- og matfiskproduksjon. Havforskningsinstituttet vil i 1996 produsere torskeyngel for eigne forsøk og for interesserte oppdrettarar.

Havbeiteprogrammet er no inne i sluttfasen, der innsatsen er retta mot attfangst. For torsk og laks er gjenfangstresultata ikke så gode som venta ved starten av programmet. For torsk er beste gjenfangsresultat seks til åtte prosent.

For laks varierte gjenfangsten i 1995 mykje etter stamme og familie. Dalestamma gav best attfangst, gjennomsnittleg fem prosent, men oppi ti prosent for enkelte familiar av Dalelaks. I Øygarden har dei beste attfangstane av havbeitetorsk i 1995 vore seks til åtte prosent. Skarv har synt seg å ete mykje av den utsette havbeitetorsken. På Kvitsøy har 1990-utsettinga gitt opp i seks prosent attfangst, men her vil attfangstprosenten truleg stige.

Havbruksforskinga ved HI har lenge nytta avanserte DNA-metodar på oppdretts- og havbeiteorganismar. Styret er nøgd med at denne teknologien no også blir teken i bruk for ville fiskebestandar, i 1995 ved bestandsidentifisering av sild. Bruk av bioteknologiske og genteknologiske metodar blir viktig i norsk havbruk i åra som kjem, med omsyn til avl, fôr og fiskesjukdomar.

Helse- og miljøretta arbeid er ein føresetnad for ei berekraftig oppdrettsnæring. Vaksinasjonstrategiar, helse- og hygienetiltak er avgjerande vilkår for ei levedyktig næring. I 1996 vil eit overvakningsprogram for matfiskanlegg bli utprøvt.

### SAMARBEID

Også i 1995 har det vore både formelle og uformelle møte mellom leiarane ved HI og dei norske universiteta, og HIforskarar har hatt eit nært fagleg samarbeid med universitetskolleger. Styret ønskjer at instituttet vidareutvikler det nære samarbeidet med universiteta, og naturleg nok gjeld dette særlig med Universitetet i Bergen og Fiskerihøg-skulen i Tromsø. Også med universiteta i Trondheim og Oslo har HI eit vidfemnande samarbeid.

I tråd med samarbeidsavtalen mellom HI og Fiskeriforsking i Tromsø har der vore avvikla fellesmøte mellom leiargruppene og styra ved dei to institusjonane i 1995. Det fellesansvaret HI har saman med Fiskeriforsking gjer desse møta viktige for mellom anna utveksling av fagleg informasjon og stimulering til å drøfte ei rasjonell fordeling av arbeidsoppgåver framover.

Samarbeidet med det russiske havforsknings-instituttet PINRO i Murmansk har vore konstruktivt, med møte der forskningssamarbeidet har blitt drøfta, felles forskingstokt er gjennomført, det har blitt utveksla data og arrangert felles kurs vedkomande forskingsmetodar o.l. HI har dei tre siste åra hatt ei eiga løyving på til saman fem millionar kro-

ner over budsjettet til Utanriksdepartementet for å lette det praktiske forskningssamarbeidet. Desse midlane har bl.a. vore nytta til datautstyr til PINRO og opplæringsstiltak.

Under den norsk-russiske miljøkommisjonen har HI i 1995 vore med på å utarbeide ein miljøstatus for Barentshavet og Kvitsjøen. Rapporten er klar på nyåret 1996. Instituttet har også vore med på nytt tokt for å måle radioaktivitet ureining i Karahavet.

Samarbeidet med kystvakta er vidareført i 1995, og kystvaktskipa samlar no inn data for instituttet ved mellom anna å ta fiskeprøver frå kommersielle fiskefarty. Kystvakta stilte også fire bruksvaktskøyter til rådvelde for den store kvalteljinga i 1995.

Mellom instituttet og fiskeristyresmaktene har samarbeidet i 1995 vore særdeles godt.

### FARTY, ADMINISTRASJON M.V.

Forskningsfartøya vart i 1995 godt nytta og instituttet har for 1996 planlagt ein ytterlegare auke, for dei store fartya til ei driftstid på 310 til 320 døgn. I 1995 fekk HI også forhandla fram ein eigen overeinskomst med fartymannskapa. Styret er glad for at det i 1995 ikkje har vore uhell med mannskap og party.

Etter tilråding frå Styret har Regjeringa og Stortinget vedteke at drifta av forskningsfartya i løpet av 1996 skal organiserast som eiga eining under leiing av ein avdelingsdirektør som rapporterer direkte til administrerande direktør.

Det har vore få forskningssjefstillingar ved HI, og i stor grad har desse vore knytta til administrative oppgåver. Styret er difor nøgd med at forskarar som ikkje vil inn i administrative stillingar no har fått ein alternativ karriereveg ved å søkje såkalla 1183-stilling (seniorforskare). Det er også i tråd med Personalpolitisk handlingsplan innført stillings-titelen "leiande forskingsteknikar", og det er utarbeidd krav til kompetanse og erfaring for denne stillinga.


HI hadde i 1995 eit svært lågt sjukefråver - på 3,27 prosent, omlag det same som i 1994.

Styret er ikkje kjent med at verksemda til instituttet ureinar det ytre miljøet.


Styret vil til slutt takke alle tilsette ved Havforskningsinstituttet for godt arbeid i 1995.

  
MAGNUS JOHANNESSEN

  
MERETE JOHANNESSEN

  
LILLIAN ANDREASSEN

  
KJELL OLSEN


  
VIGGO JAN OLSEN

  
TRYGVE GYTRE


  
ØYVIND MÅRVIK

  
JØRN KROG  
styreleiar

  
ODDRUNN PETTERSEN

  
ROALD VAAGE  
Adm. direktør

# ORGANISASJON




# FORSKINGSPROGRAM 1996

(Programansvarlege i parentes)

## LINJEPROGRAM:

- \* Ressursovervaking og rådgjeving (Åsmund Bjordal)
- \* Havmiljø og produksjonsgrunnlag – overvaking, tilstandsvurdering og rådgjeving (Hein Rune Skjoldal - Jan Aure for overvaking)
- \* Havbruk og rådgjeving (Erik Slinde)



## FORSKINGSPROGRAM:

- \* Ressurs- og miljøforskning i kystsona (Jakob Gjøsæter)
- \* Økosystem Norskehavet - "Mare Cognitum" (Svein Sundby)
- \* Reproduksjon og rekruttering (Erlend Moksness)
- \* Populasjonsdynamikk og fleirbestandsmodellering (Dankert W. Skagen)
- \* Mengdemålingsmetodikk (Olav Rune Godø)
- \* Ansvarleg fiske (Ingvar Huse)
- \* Yngelproduksjon i havbruk (Ingegjerd Opstad)
- \* Oppdrettsorganismer - helse, vekst og kjønnsmogning (Geir Lasse Taranger)
- \* Havbeite (Knut Jørstad)
- \* Marin forureining (Jarle Klungsøy)
- \* Fiskeriforskning i u-land (Tore Strømme)
- \* Fiskehelse og bioteknologi (Brit Hjeltnes)



## STYRET

Avdelingsdirektør Jørn Krog, leiar  
Sekretariatsleiar Oddrunn Pettersen, nestleiar  
Fiskar Øyvind Mårvik, Hasvåg  
Forskingssjef Merete Johannessen, NIVA  
Professor Kjell Olsen, Noregs Fiskerihøgskule  
Dagleg leiar Lilliann Andreassen, Bergen  
Fiskeridirektør Viggo Jan Olsen  
Forskar Trygve Gytre, Havf.instituttet (HI)  
Havforskarassistent Magnus Johannessen, HI


Varamedlemmer:  
Direktør Kristian Holst, Harstad  
Matfiskoppdrettar Marit Dille, Abelvær  
Professor Tor Rødseth, Univ. i Bergen  
Underdir. Grethe Kuhnle, Fiskeridirektoratet  
Avd. ingeniør Askjell Raknes, HI  
Konsulent Åse Løvaas Pedersen, HI  
Forskar Geir Dahle, HI  
Forskar Knut Jørstad, HI

## ADMINISTRASJONEN


Adm. direktør Roald Vaage  
Informasjonsleiar Arnold Farstad  
Forskinsdirektør Åsmund Bjordal, Senter for marine ressursar  
Forskinsdirektør Hein Rune Skjoldal, Senter for marint miljø  
Forskinsdirektør Erik Slinde, Senter for havbruk  
Forskingssjef Jakob Gjøsæter, Forskinsstasjonen Flødevigen  
Forskingssjef Erling Bakken, Fiskeriforskning u-land  
Avdelingsdirektør Hans Erstad, Administrasjons- og serviceavd.

# Ø K O N O M I

## INNTEKTER 1995



## UTGIFTER 1995



Tilvisinger- sjå under tabell neste side.

# FINANSIERING OG FORBRUK 1995

Alle tal i 1000 kr.

Finansieringskjelde	Inntekter	Kostnadsstad	Løn	Varer/tenester	SUM
Fiskeridep./Statsbudsjettet	174.801	Administrasjonen	20.661	15.363	36.024
Noregs forskingsråd	47.180	Senter for ressurs	25.378	22.689	48.067
PUSH	5.911	Fangstseksjonen	6.714	5.759	12.473
Dir.for naturforvalting	743	Senter for miljø	18.870	10.132	29.002
SFT (Statens forureingstilsyn)	4.142	Senter for havbruk	24.993	27.624	52.617
Utanriksdepartementet	1.235	Flødevigen	6.917	4.017	10.934
Nærings- og energidepartementet	2.800	Fiskeriforsk. u-land	6.157	11.289	17.446
Miljøverndepartementet	986				
NORAD	37.471	Forsk.fartya	39.893	27.963	67.856
Statskonsult	200	Leigefarty ressurs- og fangstgranskinger	1.898	10.196	12.094
EU	4.261	"Dr. Fr. Nansen"	7.652	10.797	18.449
Nordisk Ministerråd	1.501				
Nordisk industrifond	308	Til saman drift	159.133	145.829	304.962
Fylker/kommunar	587				
Universitet	260	Forskotsfakturerte prosjektmidler (5)			6.977
ELF	485				
BP	50	Disposisjonar (6)			19.312
Conoco	235				
Statoil	300				
Hydro	180				
Stolt Sea Farm	1.700				
Austevoll fiskeindustri	615				
Fangstinntekter	15.662				
Diverse industri	4.494				
Arb.marknads-/fødselsref.(1)	2.604				
Tilfeldige inntekter(2)	1.131				
Andre inntekter (3)	16.037				
Diverse oppdrag (4)	5.372				
<b>SUM</b>	<b>331.251</b>	<b>SUM</b>			<b>331.251</b>

(1) Refusjon ved arbeidsmarknadstiltak og fødselspermisjonar ser vi som ei styrking av budsjettet.

(2) Tilfeldige inntekter gjeld inntekter frå mindre oppdrag.

(3) Andre inntekter er disposisjonar ved årsavsluttinga 1994.

(4) Diverse oppdrag inneholder følgjande eksterne finansieringskjelder: Fiskeriforskning, Scantroll, Lerøy, Teko, Mustad, Mowi, Norges Sildesalgslag, Norway Foods, Danmarks miljøundersøkelser, Nina, Norsk fiskeoppdrett, Statsbygg, Fiskerisjefen i Hordaland, Tveit oppdrett, AMY, Norsk Pyretrum, SSF, Nutreco, GIGA og Rong laks.

(5) Gjeld inntekter innkomne i 1995, men der prosjektutgiftene først kjem i 1996.

(6) Midlar disponert til ulike prosjekt i 1996.

Byggeløving 1995 til nybygg på Nordnes er ikkje med i oppstillinga.

## FORBRUK 1995 FORDELT PÅ PROGRAM

Alle tal i 1000 kr.

Program	Budsjett desember 1995			Totale kostnader 1995
	Totalt	Fiskeridep.	Ekstern	
Ressursovervaking og rådgjeving	96.299	67.780	28.519	95.364
Støtteprosjekt/avspasering	27.598	13.766	13.832	19.771
Sum ressursovervak og støtteprosjekt	123.897	81.546	42.351	115.135
Overvaking og tilstandsvurd.av havmiljøet	21.967	17.679	4.288	19.508
Økosystem Norskehavet «Mare Cognitum»	23.178	18.370	4.808	23.852
Reprodukjon og rekruttering	8.221	5.682	2.539	6.831
Populasjonsdynamikk og fleirbestandsmodellar	11.671	4.944	6.727	11.821
Mengdemåling og bestandsstruktur	12.470	9.205	3.265	12.177
Ansvarleg fiske	15.389	6.779	8.610	13.315
Yngelproduksjon i havbruk	11.921	7.268	4.653	11.773
Oppdrettsorg. - helse, vekst- og kjønnsmogning	17.927	5.029	12.898	15.910
Havbeite	13.783	3.591	10.192	14.354
Miljøkvalitet	7.537	3.830	3.707	6.099
Fiskeriforskning u-land	34.479		34.479	39.113
Sum forskningsprogram	178.543	82.377	96.166	174.753
<b>TOTALSUM</b>	<b>302.440</b>	<b>163.923</b>	<b>138.517</b>	<b>289.888</b>

Verksemderrekneskapet viser at totale kostnader er mindre enn budsjetterte. Åsaka er blant anna 19 000 færre registrerte interne timer i 1995 enn kva som var budsjettert. Fiskeriforskning i utviklingsland har større kostnader enn budsjettet. Dette skuldast i hovudsak innkjøp av nytt utstyr for ca 3,1 millionar kroner til forskingsfartyet "Dr. Fridtjof Nansen" mot slutten av året. I 1995 var grunnlaget for budsjettinga 1300 FOU-timar per FOU tilsett, medan det i 1996 vil bli nytta 1250 timer som normalt.

# TOKT

Forskningsfartya var også i 1995 svært godt utnytta, og det har berre vore korte, naudsynte avbrot i toktaktiviteten for pussing og vedlikehald. Tida for vedlikehald er no endra til desember/januar, og dermed kan heile sommarhalvåret nyttast til forskning. Siste delen av tjuefemårsklassinga av "G. O. Sars" vart avslutta før avgang i midten av januar. Under opphaldet i Bergen 10. oktober vitja Kyrkje-, Utdannings- og Forskningskomitéen frå Stortinget "G. O. Sars". Fartyet har hatt problem med drikkevatnet, og vi har sett i verk provisoriske tiltak slik at det oppsette toktpogrammet kunne gjennomførast. "G.O.Sars" er no det einaste av dei store instituttfartya utan senkekjøl.

"Johan Hjort" har hatt problem med sig av fundamenta til hovedmotoren, og folk frå maskinleverandøren (Wärtsila Propulsion) har vore om bord og leia opprettingsarbeidet. Fartyet fekk samstundes utført femårsklassing. Desse arbeida seinka ikkje normal avvikling av dei oppsette toktplanaane. Dei andre fartøya - "Michael Sars", "G.M.Dannevig"

og "Fjordfangst" har stort sett halde sine oppsette tokt. "Michael Sars" var i 1995 leigd ut til Fiskeriforsking i Tromsø i ein månad i september-oktober. Dette fartøyet har òg hatt problem med drikkevatnet, og ymse tiltak for å betre på dette har blitt sett i verk, mellom anna sandblåsing av ferskvasstankane og innsetjing av filter i vassleidningane.

Drifta av "Fjordfangst" har auka dei siste åra. I 1995 gjekk vi over til full drift, tilsette nok ein skipper og utarbeidde regulær skiftplan for fartøyet. Også "G.M.Dannevig" og "Dr.Fridtjof Nansen" har gjennomført sine tokt i samsvar med oppsette planar. På ettersommaren fekk vi semje med sjømannsorganisasjonane om overeinskomst og hovudavtale for fartya. Likeeins vart sjømannsfråtrekket innført på ny med verknad frå 1.september.

Toktdøgn vist i tabellen gjeld tid nyttta til forskning. Gangtid mellom dei ulike forskningsområda og opphold ved verkstad og landligge for mannskapskifte er ikkje rekna med.

## BRUK AV EIGNE FARTY OG LEIGEFARTY

Farty	1	9	9	3	1	9	9	4	1	9	9	5
	Toktdøgn				Toktdøgn				Toktdøgn			
G.O. Sars	295		2.773		294		2.330		277		1.771	
Johan Hjort	286		2.640		285		2.228		300		1.836	
Michael Sars	290		1.401		274		1.262		276		1.256	
G.M. Dannevig	169		539		143		376		194		483	
Fjordfangst	193		404		186		438		202		476	
Dr.Fr. Nansen	107		490		255		1.050		258		726	
Leigefarty	1.012		1.667		745		1.297		859		1.501	
<b>SUM</b>	<b>2.352</b>		<b>9.914</b>		<b>2.182</b>		<b>8.981</b>		<b>2.366</b>		<b>8.049</b>	

## TOKT NORD OG SØR FOR 62 GR. N. BR.

Farty	1	9	9	4	1	9	9	5
	NORD		SØR		NORD		SØR	
G.O. Sars	222		72		218		59	
Johan Hjort	245		40		219		81	
Michael Sars	190		84		176		100	
Fjordfangst	111		75		82		120	
G.M. Dannevig			143				194	
<b>SUM</b>	<b>768</b>		<b>414</b>		<b>695</b>		<b>554</b>	

# PERSONALE

I 1995 hadde instituttet til saman 495 arbeidstakarar - av desse 343 stillingar over statsbudsjettet, ein meir enn i 1994. Instituttet har 132 prosjektengasjerte medarbeidarar, og 20 sjøfolk på "Dr. Fridtjof Nansen".

Det var i 1995 tre forskrarar som tok doktorgraden. Opplæringsverksemda har vore på omlag same nivå som i 1994. Vi har halde 21 interne kurs med 205

deltakarar (96 kvinner og 109 menn). I tillegg har 37 vore med på havarivernkurs, og fem i tryggleiksopp-læring for mannskap på forskingsfartøy. I 1995 brukte instituttet 323 000 kroner på interne kurs, og 663 000 kroner på opplæring totalt. Medarbeidarsamtalane, innført i 1992, har vore ein viktig reiskap for å kartlegge opplæringsbehovet og planleggje kursverksemda.

## FAST ORGANISERTE STILLINGAR 1990-1995

Kategori	1990	1991	1992	1993	1994	1995
Forskarar	77	83	81	81	81	81
Teknisk/adm.	175,5	186,5	181	184	177	177
Sjøfolk	63	89	89	90	84	90
<b>Sum</b>	<b>313,5</b>	<b>358,5</b>	<b>351</b>	<b>355</b>	<b>342</b>	<b>348</b>

## STILLINGAR 1995 (FASTE OG LANGTIDSENGASJERTE)


Kategori	Havbruk	Miljø	Ressurs	Flødevigen	U-land	Adm.	SUM
Forskarar	45	35	46	9	4	1	140
Teknisk/adm.	57	38	60	18	8	69	250
Sjøfolk					20	85	105
<b>SUM</b>	<b>102</b>	<b>73</b>	<b>106</b>	<b>27</b>	<b>32</b>	<b>155</b>	<b>495</b>

## DOKTORGRADAR VED HAVFORSKINGSINSTIUTTET

Sted	1990	1991	1992	1993	1994	1995
Ressurs	6	9	11	10	10	10
Miljø	7	7	8	9	10	11
Havbruk	5	6	9	12	16	18
Flødevigen	1	1	3	3	3	3
U-land	-	-	1	1	1	1
<b>SUM</b>	<b>19</b>	<b>23</b>	<b>32</b>	<b>35</b>	<b>40</b>	<b>43</b>

## "MICHAEL SARS"

Byggeår 1978/79 493 brt. 47,5 m




Michael Sars (1805 - 1869). Prest og zoolog. Studerte tre år naturhistorie før teologistudium. Etter 24 år som prest vart han professor i zoologi ved Universitet i Christiania. Hovudinnsats på studier av marine dyr, forplanting, utvikling og vertikal utbreiing.



## "G. O. SARS"

Byggeår 1970 1446 brt. 70 m




Georg Ossian Sars (1837-1927), son til M. Sars. Saman med Axel Boeck den første havforskaren i Noreg. Mest kjent for granskingsane av livsstadien til torsken. Ei avhandling på 4000 s. om krepssdyra i Noreg er framleis eit internasjonalt anerkjent standardverk. Leiar for dei praktisk-vitskaplege granskingsane over sjøfiskeria i Noreg til 1893.



## "JOHAN HJORT"

Byggeår 1990 910 brt. 64,4 m




Johan Hjort (1869 - 1948). Biolog, utdanna i München. I 1893, 24 år gammal, vart han G. O. Sars sin etterfølgjar som leiar for dei praktisk-vitskaplege granskingsane over sjøfiskeria i Noreg, seinare havforsknings- og fiskeridirektør. Ein av grunnleggjarane av Det internasjonale råd for havforskning (ICES). Stor vitskapleg produksjon. Ein av dei første havforskaranane som freista forstå økosystema; næringsnettet og samanhengen mellom artane i havområda våre.



## "G. M. DANNEVIG"

Byggeår 1979 171 brt. 27,85 m




G. M. Dannevig (1841 - 1911). Sjømann og kaptein. Bygde i 1884 Flødevigen Utklekkingsanstalt ved Arendal (i dag Havforskningsinstituttet Forskningsstasjonen Flødevigen), der han klekte og sette ut i sjøen millionar av plommesekklarvar av torsk, med fagleg støtte frå G. O. Sars. Målet var å sikre stabil rekruttering til torskebestanden, men verknaden var truleg minimal. Dannevig skapte initiativ hos unge forskrarar, og har difor fått ein stor plass i historia til norsk havforskning.




## "DR. FRIDTJOF NANSEN"

Byggeår 1993 1450 brt. 56,75 m  
Eigar: NORAD - drive av Havforskningsinstituttet



Fridtjof Nansen (1841 - 1911). Professor i både zoologi og oceanografi. Ein av grunnleggjarane av moderne oceanografisk vitskap, viktige arbeid i kartlegging og forståing av sirkulasjonssystema (straumane) i havet, og kva verknad havstraumane har på andre fysiske og biologiske tilhøve. Ein av grunnleggjarane av ICES. Konstruerte eit instrument for henting av vassprøver og måling av temperatur frå ulike havdjup ("Nansen vasshantar"), som har vore i bruk til våre dagar.




## "FJORDFANGST"

Byggeår 1983 25 brt. 14,17 m

Informasjon  
om personane er i  
hovudsak henta frå heftet  
«Fiskeri- og havforsking-  
ens fartøy 1900-1990...»  
Tekst: Per Solemdal og  
Sigmund Myklebrell.

# HØVEDKONTOR OG FORSKINGSSTASJONAR



Matre havbruksstasjon  
N-5198 Matredal  
Tel. 56 36 60 40  
Faks 56 36 61 43

Austevoll havbruksstasjon  
5392 Storebø  
Tel. 56 38 03 42  
Faks 56 38 03 98

Forskningsstasjonen Flødevigen  
4817 His  
Tel. 37 05 90 00  
Faks 37 05 90 01

## HAVFORSKINGSINSTITUTTET

Nordnesgaten 50 Tel. 55 23 85 00  
Postboks 1870 Faks 55 23 85 31  
5024 Bergen Telex 42297 OCEAN N

Senter for marine ressursar Faks 55 23 83 87  
Senter for marint miljø Faks 55 23 85 84  
Senter for havbruk Faks 55 23 83 33

# RESSURSOVERVAKING OG RÅDGJEVING

*Programleiar: Åsmund Bjordal*

**F**iskebestandane i havområda utanfor Noreg er utan tvil det viktigaste fornybare ressursgrunnlaget vårt. Utanom det innanlandske behovet for fisk, eksporterte vi i 1995 fiskeprodukt for vel 20 milliardar kroner, havbruk medrekna. Fisk er såleis det nest viktigaste eksportproduktet frå Noreg.

For å tryggje ressursgrunnlaget og dermed sikre langsiktig stabil lønsemd i fiskenæringsa er det viktig å forvalte fiskeria slik at vi berre haustar overskotsproduksjonen utan å drive uansvarleg overfiske. Her er overvaking av fiskebestandane eit grunnelement, slik at forvaltinga kan byggje på gode råd om tilstand og forventa utvikling i bestandane.

Frå og med 1995 organiserte vi ressursovervakninga og rådgjevinga som eige program med hovudmål å levere årlege råd for dei ulike bestandane av fisk, skaldyr, sel og kval. Desse råda er grunnlaget for fastsetjing av fiskekvotar. Resultata frå dette programmet er såleis det viktigaste sluttproduktet for den forvaltingsretta forskinga ved Havforskingssinstituttet.

I dag gir vi råd for 45 ulike bestandar, med hovudinnsats på dei 15-20 viktigaste. Bestandsmåla bygg i hovudsak på tidsseriar av mengd fisk i dei ulike årsklassane i kvar bestand - og dette krev naturleg nok ein stor feltaktivitet med forskingsfartya våre over svært store havområde. Ved mengdemåling av ein bestand freistar vi best mogleg å dekkje utbreiingsområdet til bestanden. Dei mest brukte målemetodane er hydroakustikk (ekkolodd) som gir eit mål for biomassen i området - og prøvetaking med trål for å kunne fordele målt biomasse på ulike fiskeslag. Frå trål-fangstane tek vi biologiske prøver; lengde, vekt, alder, mogningsgrad og mageinnhald. Vi fordeler antal fisk på ulike aldersgrupper, reknar ut vekst og nyttar også dei biologiske prøvene som grunnlag for fleirbestandvurderingar (kven et kven). For å illustrere omfanget av dette grunnleggjande feltarbeidet kan nemnast at vi berre for norsk-arktisk torsk årleg lengdemåler nærare 300. 000 fisk.

I tillegg til data frå eigne tokt, mottek vi data frå kystvaka, fangststatistikk frå Fiskeridirektoratet og frå andre forskingsinstitusjonar. Fiskeriforsking i Tromsø deltek her mellom anna i overvaking av reker i Barentshavet, sjøpatedyr, kysttorsk og i fleirbestandarbeidet - medan Møreforsking utfører prøvetakingsarbeid på artar som brosme, lange, breiflabb og djuphavsfisk.

Flesteparten av dei viktigaste fiskebestandane "våre" er såkalla fellesbestandar som vi forvaltar i samråd med andre kyststatar - i hovudsak med Russland i nordområda og med EU i sørlegare farvatn. Den endelige bestandsvurderinga blir difor oftast gjort i samarbeid med forskarar frå andre land i arbeidsgrupper i Det internasjonale råd for havforsking (ICES). På grunnlag av tilrådingar frå ICES vert det så forhandla om totale fiskekvotar (TAC) og ei fordeling av totalkvotane mellom dei delta-kande landa. Programmet "Ressursovervaking og rådgjeving" leverer såleis eit stort bidrag til den årlege fiskeriforvaltingsprosessen - frå innsamling av rådata til endelige fangstalternativ og prognosar for bestandsutvikling. I dette arbeidet ligg framleis hovudtyngda på måling og framskriving av enkeltbestandar. Men i au-kande grad tek ein også omsyn til fleirbestandsverknader, mellom anna samspelet mellom torsk, lodde og sild i Barentshavet og kannibalisme hos torsk. Det blir også lagt vekt på å nytte miljødata i større grad i ressursprognosane, mellom anna korleis havklimaendringar verkar på rekruttering og vekst.

I tillegg til råd om bestandsstorleik og fangstprognosar, har det for mange bestandar blitt viktig å kartlegge vandringsmønster, ikkje minst som grunnlag for fordeling av bestanden på ulike lands økonomiske soner og på internasjonale havområder. I 1995 vart det gjort eit svært viktig arbeid med omsyn til sonefordeling av norsk vågytande sild mellom dei ulike kyststatane og det såkalla "Smutthavet". Liknande vurderingar vart gjort for torsk i internasjonal sone i Barentshavet ("Smutthølet") - og sonefordeling av makrell er no ei svært aktuell arbeidsoppgåve. Oppdatert kunnskap om stoda og framtidsutsiktene for dei viktigaste bestandane presenterer vi i den årlege "Ressurs-



oversikta” frå Havforskningsinstituttet. Denne rapporten fortel om bestandsutvikling og fangstmengd dei siste ti åra, og gjer greie for vurderingar frå Det internasjonale råd for havforskning med omsyn til forventa utvikling i bestandane ved ulike fangstkvotar.

I ei ansvarleg fiskeriforvalting er det sjølvsagt grunnleggende viktig at uttaket frå ein bestand er i samsvar med vitskaplege råd når det gjeld mengd. I tillegg er det viktig

at ein fiskar rett art og fiskestorleik, det vil seie eit mest mogeleg selektivt fiske for å redusere utkast av ungfish og anna bifangst. Her er det gjort store fremsteg innan fangstteknologien dei siste åra, særleg med utvikling av ristsortering for ulike reiskapar. I 1995 blei det mellom anna utført samanliknande forsøk med norsk og russisk ristsystem, og dette gav forvaltingsmessig grunnlag for innføring av sorteringsrist i torsketrål i Barentshavet frå og med 1997.

# OVERVAKING OG TILSTANDSVURDERING AV HAVMILJØET

*Programleiar: Jan Aure*

**M**ålet for dette programmet er å overvake langtidsutviklinga og gi prognosar for havklima, produksjonstilhøve og forureining i norske kyst- og havområde. Resultat frå programmet skal medverke til at styresmaktene kan forvalte havmiljøet og dei levande marine ressursane på ein berekraftig måte.

Tidsseriar for menneskeskapte verknader på miljøet og naturlege svingingar i økosystemet er høgt etterspurte data i miljø- og ressursforskinga. Ved Havforskingsinstituttet har det difor i mange år vore ei prioritert oppgåve å få oppdatert gamle tidsseriar og halde fram med overvakkinga av havmiljøet. Ei grunnstamme i overvakningsprogrammet er ei rad faste hydrografiske kursliner (såkalla "snitt") i havområda, og data frå stasjonar langs kysten. Her observerer vi først og fremst temperatur og saltinhald i vassøyla. I tillegg får vi data om vasskjemi og plankton på nokre lokalitetar. I Nordsjøen og Skagerrak kartlegg vi regelmessig næringssalt seint på hausten og om våren, og ved Forskningsstasjonen Flødevigen observerer vi hyppig næringssalt og algar. Dette er ein del av den nasjonale overvakkinga av miljøet, og viktig for beredskapen med omsyn til større blømingar av skadelege algar. I Barentshavet og Norskehavet overvakar vi i hovudsak havklima og produksjonsforhold (dyreplankton) som grunnlag for vekst i bestandane av lodde, torsk og sild. Innan metodeutvikling arbeider vi med statistisk metodikk for studiar av samanhenger mellom tidsrekker av miljøforhold og fiskebestandar. Føremålet med dette er å talfeste korleis klimavariasjonar verkar på dei viktigste fiskebestandane i Barentshavet. Eit prognoseverktøy for varsling av havtemperaturen i Barentshavet vart vidareutvikla i 1995. Elles har vi arbeidd med å betre instituttets havmodell (NORWECOM) som mellom anna er nytta til simuleringar av havstraumar og algeproduksjon i Skagerrak. MOM-prosjektet (Modellering - Overvaking - Matfiskanlegg) har i 1995 levert eit framlegg til overvakningsprogram, miljøstandard og modellar for spreying og omsetjing av organiske stoff under matfiskanlegg.

Innstrøyming av varmt atlanterhavsvatn er avgjerande for klimaet i havområda våre, og det er ein viktig økologisk

faktor som verkar inn på dei biologiske tilhøva i havet. Fiskebestandane har som regel best vilkår når sjøtemperaturen er høg. Det er som regel i varme periodar vi får talrike nye årsklassar av fisk. I Norskehavet, langs standardsnitta frå Svinøy til Sørkapp, har vi dei siste 15 åra registrert monalege svingingar i temperatur og saltinhald. I slutten av 1970-åra og i 1985-87 var det relativt låge temperaturar i innstrøymande atlantisk vatn, medan det var varme periodar rundt 1983 og 1990. I den kalde perioden i slutten av 1970-åra var temperaturen i det innstrøymande atlanterhavsvatnet den lågaste sidan hundearrskiftet. I perioden 1987-1992 var det relativt høge temperaturar og høgt saltinhald i atlanterhavsvatnet, med eit lokalt maksimum i 1990. Perioden frå 1990 til 1995 var det etter synkande temperaturar i atlanterhavsvatnet i heile området. I 1995 var temperaturen redusert til nær det normale i Svinøysnittet, men låg framleis over normalen lenger nord ved Gimsøy (Lofoten) og Sørkappsnittet. I djupare lag langs norskekysten var saltinhaldet og temperaturen nær det normale i 1995.

I motsetnad til dei relativt høge temperaturane i dei austlege og nordaustlege delane av Norskehavet, fekk vi ei monaleg endring av havklimaet nord for Island. Det relativt varme atlanterhavsvatnet som strøymer inn langs vestkysten av Island, vart trengt bort i løpet av 1995, og området fekk den sterkeste dominans av arktisk vatn sidan regelmessige målingar byrja i 1952. Dei låge sjøtemperaturane og den auka austlege utbreiinga av Aust-Islandsstraumen kan ha medverka til redusert innvandring av norsk vårgytande sild til islandsk sone i 1995.

Ved Færøyane og på Vêrskipsstasjon M i Norskehavet har også saltinhaldet og temperaturen i atlanterhavsvatnet gått ned dei siste åra. I Grønlandshavet har relativt lågt saltinhald i overflatevatnet dei siste åra ført til ein monaleg reduksjon i danninga av djup- og botnvatn. Dette har årsaka ein temperaturauke i djupvatnet, og dette vil kunne verke inn på sirkulasjonen og havklimaet i Norskehavet. Saltinhaldet i sentrale delar av Grønlandshavet har likevel auka dei siste åra, og det bør såleis igjen kunne dannast djupvatn.

Etter at temperaturen gjekk ned i heile Barentshavet i 1994, venta vi ein ytterlegare reduksjon i 1995. Men den kortvarige temperaturauken vi registrerte hausten 1994 heldt fram utover i 1995. I fjor fekk vi såleis eit relativt varmt havklima i Barentshavet, med temperaturar 0.3 til 0.5 °C over normalen i vestlege og sentrale delar. Den største temperaturauken observerte vi likevel i dei austlege områda i Barentshavet, med temperaturar ca 1 °C over normalen i februar og 0.7 °C i byrjinga av september 1995.

I Nordsjøen hadde vi eit svært mildt klima i perioden 1988-1992, og vintrane 1989 og 1990 var truleg dei varmaste på 130 år. Også i Nordsjøen har det vore ei gradvis avkjøling dei siste par åra, og i 1994 låg både saltinnhald og temperaturar under det normale i den nordlege delen av havområdet. I 1995 stoppa avkjølinga, og vi observerte ein svak auke i både temperatur og saltinnhald. Årsaka til dette var auka innstrøyming av atlantisk vatn til Nordsjøen siste halvåret 1994 og utover våren 1995. Også på kyststasjonane våre sør for Stad såg vi den same utviklinga, og i løpet av 1995 auka temperatur og saltinnhald i djupare lag av kyststraumen til nær det normale for årstida.

I Skagerrak var det om sommaren og tidleg på hausten i 1995 uvanleg lågt saltinnhald i overflatevatnet. Dette skuldast mellom anna storflaumen på Austlandet i juni månad. I Skagerrakkassenget, under ca 300 meters djup, låg framleis temperaturane nær det normale, men på grunn av stagnerande vassmassar gjekk oksygeninnhaldet i vatnet ned i 1995.

Observasjonane frå Norskehavet i 1995 tyder på at næringstilhøva for dei viktigaste planktonetande fiskeartane som sild og kolmule var betre i 1995 enn i 1994. Frå Barentshavet har vi ein tidsserie for perioden 1986-94. Frå 1991 til 1994 observerte vi ein klar auke i mengdene av dyreplankton. I dei nordaustlege områda var det ein fortsatt auke i 1995, medan planktonmengdene i dei andre områda av Barentshavet minka. Næringstilhøva for lodde, sild og fiskeyngel var difor framleis relativt gode i Barentshavet i 1995.

Målinger av radioaktivitet i fisk og botnsediment i Barentshavet viser monaleg lågare verdiar enn til dømes i Nordsjøen og Austersjøen. I Bartentshavet har det faktisk vore ein nedgang i radioaktivitetsverdiane samanlikna med 1982. Også granskingsane i Karahavet og i fjordane på Novaja Semlja i 1994 viste generelt låge verdiar av radioaktivitet. Det var framleis låg radioaktivitet både i vatn og sediment nær den forliste russiske atomubåten "Komsomolets," som ligg på ca 1600 meters djup sørvest for Bjørnøya.

Innhaldet av organiske miljøgifter, som PCB i torskelever frå Barentshavet, er vesentleg lågare enn i torsk frå område med stor miljøbelasting, som sørlege delar av Nordsjøen og Austersjøen. I fisk frå dei nordlege områda av Nordsjøen er også verdiane låge, medan høgare verdiar er målt i botnsedimenta i dei djupare delane av Skagerrak og Norskerenna. Dette avspeglar seg også i verdiane frå fisk i dette området.

Konsentrasjonar av PAH (tjørestoff) i sediment er også

monaleg forhøga i Skagerrakkassenget/Norskerenna, og (PAH-)verdiane er i høve til SFT sin klassifikasjon karakterisert som «nokså dårlege».

Den omfattande olje- og gassproduksjonen i dei sentrale og nordlege områda i Nordsjøen fører også til auka miljøbelasting. Vi har påvist oljerestar i fisk, men konsentrasjonane er so låge at dei neppe påverkar fiskekvaliteten. I ei omfattande kartleggjing av havbotnen i Skagerrak, utført i samarbeid med blant anna Noregs geologiske undersøkingar (NGU), observerte vi også spor av oljeaktiviteten i Nordsjøen. I sedimenta dannet etter ca 1970 fann vi barium, som ikkje finst naturleg i sedimenta. Barium er den viktigaste komponenten i boreslam. Observasjonane viser at utslepp frå oljeverksemada i Nordsjøen har større spreieing enn ein tidlegare har trudd, og dei endar ofte opp i Skagerrak. Observasjonar dei siste åra tyder difor på at Skagerrakkassenget og deler av Norskerenna i røynda fungerer som sjølvaste «bosskassa» i Nordsjøen.

I løpet av vinteren og våren 1995 var det, som i 1994, ei vesentleg innstrøyming av næringsrikt vatn til Skagerrak frå den sørlege delen av Nordsjøen. Dei uvanleg høge konsentrasjonane av næringsalt skuldast truleg flaumen på kontinentet rundt årskiftet 1994-95. I mai fekk vi, som i 1994, ei bløming av den mogeleg skadelege algen *Chrysochromulina* spp. Men miljøtilhøva i Skagerrak i slutten av mai og byrjinga av juni var slik at bløminga blei kortvarig. Prøver viste òg at *Chrysochromulina* spp. i 1995 berre gav svak giftighet i vatnet, og såleis heller ikkje skapte store skadar på oppdrettsfisk. Problema med andre skadelege algar for oppdrettsfisk og for konsum av skjel langs norskekysten var heller små i 1995, med berre nokre lokale problem.

Ei fem års oppsummering av miljøtilhøva langs sørlands-kysten, utarbeidd i samarbeid med NIVA, viser teikn til regional overgjødsling, og dette skuldast i hovudsak store tilførsler av næringssalt oppstraums i den sørlege delen av Nordsjøen og Kattegat. I indre Skagerrak gir næringssalta forhøga konsentrasjonar og skeiv samansetjing av næringssalt om våren og forsommaren, høgt innhald av organiske partiklar i øvre vasslag, redusert oksygeninnhald i kystvatnet om hausten, auka oksygenforbruk i fjordbas-seng og auka biomasse av botndyr.



# ØKOSYSTEM NORSKEHAVET

## "MARE COGNITUM"

Programleiar: Svein Sundby

**D**et overordna målet for programmet er å identifisere og talfeste dei viktigste faktorane og mekanismane som årsakar vekslingar i økosystemet i Norskehavet. Slik grunnleggjande innsikt i verkemåten til økosystemet vil vi nytte som grunnlag for prognosar om utviklinga i havklima, produksjonstilhøve og tilstanden i fiskebestandane.

Programmet har i 1995 hatt åtte prosjekt ved Havforskningsinstituttet. Tilsaman dekkjer desse prosjekta alle hovudelementa som ligg til grunn for programmet. Halvparten av prosjekta tek for seg sild, kolmule, makrell, laks og kval. Dei øvrige er retta mot dyre- og plantoplankton, fysiske prosessar og havklima.

I plankton/fysikk-delen av programmet ligg hovud-vekta først og fremst på granskingar av dyreplankton, særleg raudåte og krill. Denne delen er igjen direkte knytt saman med ressursprosjekta, ettersom dyreplankton er viktige byttedyr for fisk og kval. Tyngdepunktet for HI-innsetasen ligg difor naturleg nok på dei ressursane vi haustar av. Men fordi "MARE COG-NITUM" enno ikkje er etablert som eit nasjonalt program, med ei koordinert nasjonal finansiering, deltek universiteta og andre havforskningsinstitusjonar berre i svært avgrensa grad i programmet. Difor har vi heller ikkje fått den naudsynte balansen mellom dei ulike delane i programmet, slik at "MARE COGNITUM" kan seiast å vere eit økosystemprogram. Vi har hatt for liten innsetas på både produksjon av dyreplankton og grunnlaget for denne, nemlig produksjonen av plantoplankton og dei fysiske prosessane, blant anna havklimaet. Vi har heller ikkje fått bygd saman dei ulike disciplinane, nemleg det matematiske modellverktyet. I eit økosystemprogram omfattar dette alt frå numeriske, fysiske sirkulasjonsmodellar til plankton-modellar og individbaserte modellar for fisk. Programmet manglar soleis innsats på viktige område. Havforskningsinstituttet har i stor grad drive programmet åleine utan stor nok nasjonal drahjelp.

På prosjektnivå er situasjonen for programmet monaleg betre. Vi nyt her godt av den kompetansen forskarane har

med omsyn til å gjennomføre dei einskilde prosjekta. Soleis har vi i 1995 fått fleire resultat som har vekt internasjonal oppsikt.

Eit døme på dette er kartlegginga av unglaks (postsmolt, 25-30 cm) i Norskehavet. Unglaksen er praktisk talt ikkje å finne i kystvatnet. Han vandrar svært rask ut i havet, og vår gransking syner at dei nordlege delane av Norskehavet er viktige beiteområde for laks. I hovudsak finn vi laksen i atlantisk vatn med saltinhald over 35 promille, og amfipoden Themisto var den viktigste næringa til laksen.

Vi har også funne at makrell sommarstid har ei meir nordleg fordeling enn tidlegare registrert. Makrell merka så langt sør som i spanske farvatn vart attfanga nord i Norskehavet. Som ei følgje av dette ser ein no makrellen som gyt vest av Dei britiske øyane som ein stor nordatlantisk bestand, med utbreiing frå Biskaya til nord i Norskehavet. Det er soleis fleire viktige artar - mellom anna sild, makrell og laks - som har store delar av det nordlege Norskehavet som eit viktig område for sommarbeitig.

I eit samarbeidsprosjekt med Storbritannia har vi synt at egg og larvar frå kolmule som gyt vest av Dei britiske øyane, ikkje berre driv nordover inn i Norskehavet. Ein betydeleg del blir også transportert sørover mot Biskaya. Modellen NORWECOM (Norwegian Ecological Model System), som dekkjer havområdet frå Biskaya til Stadt og Nordsjøen, har vore ein viktig reiskap i desse granskningane.

I sildeprosjektet har vi fått fleire viktige resultat ved å studere stimdynamikk og atferd i forhold til frontområde og fordeling av plankton.

Silda beiter på dyreplankton, og er soleis ein nøkkelbestand i Norskehavet. Difor er sjølv sagt silda også heilt sentral i dette programmet. Eit hovudmål er å få kunnskap om korleis fiskeressursane utnyttar planktonproduksjonen, og korleis variasjonar i havklimaet påverkar plankton og fisk.


I laboratorieforsøk har vi funne at næringstilhøva for den kjønnsmogne silda påverkar eggproduksjonen, slik vi tidlegare har synt gjeld for torsk. Sild som har hatt godt med

nærings- gyt klart fleire egg enn silda med därlegare nærings- tilhøve. Dess forsøka tyder dermed på at planktontilhøve i Norskehavet har klare følgjer for rekrutteringa til sildebestanden.

Analyser av innhaldet i sildemagar innsamla på tokt har vore svært ressurskrevande, og vi ligg på etterskot i dette arbeidet. Vi vurderer no å redusere innsatsen på planktonanalyser for å kome i rute med dietten til silda.

Etter samanbrotet i sildestamma rundt 1970 stod dei små restane av stamma i norske farvatn heile året. I 1987 kom den sterke 1983årsklassen inn i den vaksne sildebestanden, som igjen byrja bli stor. Same året såg vi at silda so smått byrja vandre ut på sommarbeite i den nordlege delen av Norskehavet. Det vart dermed viktig å følgje silda, for mellom anna å sjå om ho ville ta opp att full beitevandring og eventuelt også overvinstre nordaust av Island.

Våre granskningar viser at silda framleis har Norskehavet einast som sommarbeite. Også hausten 1995 gjekk silda attende til Ofotfjorden/Tysfjorden for å overvinstre.



På kartet ovanfor kan vi sjå vandrings- til silda i 1995. Etter gyttinga i mars i fjar trekte silda ut frå norske-

kysten, frå gytefelta mellom Møre og Helgeland. I april stod silda i internasjonalt farvatn, i det såkalla "Smutthavet". Ho tok so ein sving innom Færøysona i mai og vandra nordover, langs Polarfronten. I juni-juli var ho innom Jan Mayen-sona, gjekk over "Smutthavet" og inn til kysten utanfor Vesterålen i august-september.

Under gyttinga i februar-mars observerte vi at silda åt svært lite - men straks ho vandra ut frå gytefelta, starta næringsopptaket veldig snart.

Fjorårsgranskinga av dietten til silda syner at føda varierer etter både årstid og område. Straks etter gyttinga, medan silda stod nær kysten, var hovudkosten krill. I april, då silda stod lengre ute i havet, åt silda stort sett hoppekrepss (mest raudåte), og i juli var ein stor del av dietten vasslopper. Vi samla også inn mange mageprøver frå kolmule og makrell, men desse er enno ikkje analyserte. Sjå elles eigen artikkel i "Miljørapporet 1996" om dietten til silda.

I 1995 har vi også gjort interessante utrekningar om produksjonen av dyreplankton i Norskehavet. Feilkjeldene i desse utrekningane kan vere mange - men førebels tal tyder på i alle hove ein årsproduksjon på 800-900 millionar tonn. Då er ikke plankton som står djupare enn 200 meter rekna med, og heller ikke organismer som er for små til å fangast med planktonreiskapen MOCNESS. I Miljørapporet 1996 er det ein artikkkel om dyreplankton i Norskehavet.


I samarbeid med amerikanske oceanografer publiserer vi no ein tidsserie for utviklinga av temperaturen i djupvatnet i Norskehavet og Grønlandshavet. Dette arbeidet kastar lys over langtidsendringar i havklimaet. Det har også medverka til å avklare spekulasjonar i presse og forskingsfora siste halvåret om danninga av botnvatn i Grønlandshavet og endringar i Golfstraumen. Sjølv om vi ikke har fått nytt botnvatn i Grønlandshavet dei siste fem åra, har det med uminska styrke blitt skapt tyngre vatn til midlare djup. Og om temperaturen i botnvatnet no er høgre enn vi har målt nokon gong tidligare, var det også i 1960-åra ein periode med heller høg temperatur i djupvatnet.

Vitskapsplanen til programmet Økosystem Norskehavet ("Mare cognitum" - "Det kjente hav") vart utvikla i nært samarbeid med GLOBEC International (Global Ocean Ecosystem Dynamics). Det overordna målet til GLOBEC er å forstå korleis produksjonen av fisk i verdshava blir påverka av planktonproduksjonen og variasjonane i havklimaet. GLOBEC kom til med støtte frå dei fire store internasjonale organisasjonene for havforskning (Det internasjonale råd for havforskning (ICES), International Oceanographic Commission (IOC) under UNESCO, Scientific Committee on Oceanic Research (SCOR) under ICSU og Pacific International Council for the Exploration of the Sea (PICES)).

Hausten 1995 vart GLOBEC offisielt godkjent av SCOR som eit program under International Geosphere Biosphere Program (IGBP). GLOBEC International er delt inn i fire regionale program. Det Nordatlantiske programmet (ICES/GLOBEC North Atlantic Program), som MARE COGNITUM høyrer inn under, blir koordinert frå ICES, og eit eige sekretariat vart opprettet 1. januar 1996 ved ICES-hovudkvarteret i København. Andre nasjonale GLOBEC-program under Det nordatlantiske programmet er no opprettet i USA, Canada, Storbritannia og Tyskland.

# REPRODUKSJON OG REKRUTTERING

*Programleiar: Erlend Moksness*



ålet med dette programmet er å betre bestandsberekingane på fiskebestandane våre ved auka kunnskap om dei prosessane som regulerer reproduksjon og rekruttering. Programmet skal også produsere auka kunnskap om korleis menneskelege inngrep i det marine miljøet kan påverke rekrutteringa til fiskebestandene.

For å nå desse måla har vi lagt særleg vekt på følgjande hovudområde:

- \* Korleis verkar kondisjonen til foreldrebestanden på eggkvalitet, eggmengde og gyttidspunkt? Kunnskap om dette vil mellom anna gje oss større innsikt om tilhøvet mellom storleiken på gytebestanden og rekrutteringsevna til ein populasjon.
- \* Kva betydning har fysiske og biologiske prosesser for vekst og overleving av marine fiskelarvar i dei tidlege levestadia?
- \* Analysar av lange tidsseriar for kystnære fiskebestandar der vi ser rekruttering i samanheng med miljø, gytebestand og hausting.
- \* Videreutvikle bruken av fisken sin øyrestein (otolitt) for å fastsetje alderen til fiskelarvar og fiskeyngel, og som reiskap til bestandsidentifisering.

Verksemda i 1995 var basert på nye prosjekt, og omfatta artane sild og torsk.

Våren 1995 gjennomførte vi eit relativt omfemnande forsøk ved Senter for marint miljø der vi granska egg- og larveproduksjonen til skrei av ulik alder. Dette arbeidet var ei vidareføring av studiar gjennomførte våren 1994. Vi har no eit relativt godt materiale på eggproduksjonen til skreien, men treng fleire studiar på levedyktigheita til larven i forhold til morfiskens kondisjon.


Eit anna prosjekt granska tilhøve som har verdi for fødeopptak hos torskellarvar. I prosjektet har vi dokumentert ein sterk positiv samanheng mellom vindskapt turbulens (omrøring i vatnet) og betring i fødetilhøva til torskellarvar. Førebels resultat viser at det var høge næringskonsentrasjonar for torskellarvane under måleperioden. Turbulensmålingane synte at den viktigaste kjelda for produksjon av turbulent energi på det grunne granskingsområdet nord for Gimsøystraumen var lange dønningar. Elles var vind-intensiteten svært låg under heile toktet, og dette var idéelt for å studere verknaden av andre turbulenskjelder enn vind. For første gong var ein i stand til å måle turbulens frå eit absolutt fast punkt, frå eit sju meter høgt fast montert undervasstårn som stod på botnen. Dette gav svært vellukka målingar.

Modellsimulering av transport og spreying av egg, larvar og yngel av norsk-arktisk torsk, norsk vårgytande sild og haustgytande nordsjøsild, frå gyteområda til oppvekstområda, har vore eit prioritert felt innan programmet dei siste åra. Samanstilling av modellresultata med feltmateriale viser rimeleg godt samsvar, men det må gjerast eit vesentleg arbeid før gode nok modellar vil vere tilgjengelege.

På sildelarvetokt i 1995 fann vi svært høge konsentrasjonar - meir enn tusen sildelarvar per kvadratmeter - over Haltenbanken og på ein stasjon utanfor Bremanger. På Røstbanken, ved Sklinna og Griptaren fann vi høge konsentrasjonar - mellom hundre og tusen larvar per kvadratmeter. Over Buagrunnen, Sunnmørsfelta og ved Utsira var det moderate forekomstar av sildelarvar, mellom 10 og 100 per kvadratmeter.

Alt i alt var talet på nyklekte sildearvar det tredje høgaste sidan 1985. Men larvane hadde dårlege utsikter for å vekse opp, ettersom vi fann svært låge konsentrasjonar av plante- og dyreplankton på sokkelen nord for Stad. Dersom våroppbløminga ikkje kom igang umiddelbart, slik at sildelarvane fekk eit betre mattilbod og byrja vekse, vart dei nok svært sårbare for beiting (predasjon).

Vi gjennomførte også avgrensa granskinger kring tilhøvet mellom sildeyngel og lundefugl. I beiteområdet til lunden



fann vi lite sildeyngel, og rekrutteringa i 1995 hos lunde-fuglen vart svært dårlig. Berre få fuglar la egg, og svært få av desse blei ruga.

For å vidareutvikle bruken av øyresteinen (otolithen) til fiskens som ein framtidig reiskap både i studiar av dei tidlege stadia i fiskens liv og for forvalting av bestandane, er det naudsynt å ha kunnskap om mulighetene og begrensingane til denne metoden. I 1995 gjennomførte vi forsøk med larvar av norsk vårgytande sild, der vi granska

1) samanhengen mellom klekkestørleiken til larven og avstanden frå sentrum til første dagring i øyresteinen, og 2) koplinga mellom kropps- og øyresteintilvekst ved føring gjennomført på norsk vårgytande sild ved 4, 8 og 12 °C vasstemperatur. Forsøka har gått etter planen, men førebels har vi ingen resultat frå granskingane.

# POPULASJONSDYNAMIKK OG FLEIRBESTANDSMODELLERING

Programleiar: Øyvind Ulltang/Dankert W. Skagen (frå 1/11 1995)



åsettinga til dette programmet er å klargjere og talfeste korleis fysisk og biologisk miljø og fiskeri påverkar utviklinga av bestandar og haustbar biologisk produksjon i beskatta levande marine ressursar. Kjernen i programmet er matematisk modellering av fiskebestandar og fiskesamfunn. Til det treng ein både å utforme, programmere, teste og køyre modellar. Ein må vidare forstå det biologiske samspelet som er avgjerande for å kunne formulere realistiske modellar - og ein må ha dei data som er naudsynt for at modellane skal kunne kome ut med meiningsfylte resultat.

Data kjem i stor grad frå andre program ved instituttet, framfor alt frå dei såkalla overvakingsprogramma, men noko må også skaffast særskilt. Programmet spenner difor over eit vidt område, frå teoretiske problem til feltarbeid, og frå store prosjekt som fleirbestandsprosjektet til ganske små, som ofte er meir å rekne som utprøving av nye idéar.

Dei siste åra har tyngdepunktet i denne typen forsking ved Havforskningsinstituttet vore arbeidet med fleirbestandsmodellen for Barentshavet. Dei fleste aktivitetane har direkte eller indirekte vore knytt til dette arbeidet.

Sjølve fleirbestandsmodellen for Barentshavet (MULTSPEC) har no vore operativ ei tid. I 1995 fullførte vi samankopplinga mellom MULTSPEC og ein einbestandsmodell for sild i Norskehavet og Barentshavet (HERMOD). Studiar av samspelet mellom lodde, sild, torsk, grønlandssel og vågekval vart lagde fram for vitskapskomiteen i Den internasjonale kvalfangstkommisjonen (IWC) og på eit symposium om rolla til sjøpattedyr i økosystemet. MULTSPEC vart òg presentert på møtet i

fleirbestands-arbeidsgruppa i ICES i Bergen i juni. Her konsentrerte ein seg om å sjå på samspelet mellom torsk og lodde. Arbeidet med den forenkla fleirbestandsmodellen AGGMULT, som vert brukt til å studere forvaltings-

reglar, er slutført. Dette er prosjektet sitt sluttprodukt til NFR-programmet "Fleirbestandsforvalting", og er oppsummert i ei bok som blir utgitt av Norges forskingsråd i 1996.


At MULTSPEC no er operativ og NFR sitt fleirbestandsprogram avslutta, tyder ikkje at fleirbestandsmodelleringa kan leggjast ned. Modellane må betrast etter kvart som ny kunnskap og nye data kjem til, og der er naudsynt å utvide bruksområdet, ikkje minst mot forvaltinga. Arbeidet med fleirbestandsmodellering vil difor bli ført vidare omlag på same nivå som i 1995, med omlag tilsvarande støtte frå Norges forskingsråd.

Til dette fagfeltet ligg også studier av samspelet mellom artar, og mellom generasjonar innan kvar art, med omsyn til vekst, mogning, vandring, beiting (predasjon), anna dodeligheit og rekruttering. Dessutan korleis alt dette vert påverka av ytre tilhøve som til dømes klima og straum. Kunnskap om alle slike tilhøve vil direkte eller indirekte kunne medverke til ei meir fullstendig modellering av systemet. Programmet har fleire slike prosjekt.

Frå eit historisk materiale ser vi i eit prosjekt korleis vekst av lodde har vore påverka av klimaet og av korleis samansetjinga er i bestanden. I eit anna prosjekt granskar vi korleis samansetjinga av gytebestanden verkar på val av gytefelt hjå norsk vårgytande sild. Grunnlaget for desse granskningane er omfattande innsamling av prøver av sild, ei datainnsamling som byrja i 1995 og held fram neste år. Gytefelta for polartorsk kjenner vi berre delvis, og i eit prosjekt har vi prøvt å modellere kvar dei kan kome frå dei polartorsklarvane ein finn. På eit tokt i 1996 vil vi freiste granske dette området nærmare.

I bestandsmodellar er tilhøvet mellom fødeinntak, energiforbruk og vekst er viktig for modellering av individuell vekst. Ein studie av dette er no snart klar for publisering.

Kartlegging av bestandsidentitet er grunnleggjande for all populasjondynamikk. Ved instituttet har vi i dette arbeidet tekje i bruk genetiske metodar, som mellom anna er



nytta til å skilja mellom Kvitsjøsild og Norsk vårgytande sild i Barentshavet.

I fleire prosjekt søker vi å nytta informasjon som finst om bestandane, men som ikkje normalt vert direkte brukt i bestandsmodellering. Eit prosjekt har som mål å utvikle ein populasjonsdynamisk modell for norsk arktisk torsk, der ein nyttar kunnskapane ein har, eller kan skaffa, om kva som påverkar eggproduksjon, overleving og vekst på ulike livsstadier. Her arbeider vi no med å leggje til rette data om eggproduksjonen hjå den norskarktiske torsken dei siste 50 åra. Eit arbeid om basisfilosofien i fleirbestandsmodellering er under revisjon for publisering. Eit tredje granskar skilnader i vekst og dødelegheit mellom fisk som byrja gyte ved ulik alder. Dette prosjektet er seinke avdi Prof. R. J. H. Beverton, som var sterkt inne i dette, døydde i fjar. Arbeidet vil bli ført vidare i 1996.

Ein forenkla systemmodell for storskala variasjonar i rekruttering og vekst hjå sild, torsk og lodde, har blitt utvikla i samarbeid med Norsk Reknentral. Målet er å kartlegge kva som er viktigast for å forklara variasjonane i store trekk. Modellen vil venteleg kunne publiseras i 1996.

Programmet inneheld også nokre meir frittståande prosjekt. Vi har vore med på ei fellesnordisk kartlegging av grunnleggjande informasjon om bestandane lange, blålanke og brosme. Dette har vi gjort i samarbeid med Møre-

forsking, med delfinansiering frå Nordisk Ministerråd. Arbeidet skal avsluttast i 1996, og vil vera eit viktig steg med omsyn til forvalting av desse bestandane på eit vitakapleg grunnlag.

Utvikling av metodar for bestandsbereking tufta på andre prinsipp enn dei vi nyttar i dag, vil kunna hjelpe oss til å tilpasse bestandsberekingane betre til særdraga til dei einskilde bestandane og fiskeria, og til å nytta eksisterande informasjon på ein betre måte. Eit steg på denne vegen er eit lite prosjekt der vi arbeider med såkalte stokastiske populasjonsmodellar basert på fiskens alder og lengde. Vi vil i år framover satse betydeleg meir på denne typen metodeutvikling.


Vi har i 1995 hatt god kontakten med ICES si arbeidsgruppe om fleirbestandsforskning i Nordsjøen. I eit EU-finansiert prosjekt arbeider vi vidare med å analyse mageinnahlds-materialet som vart samla inn frå Nordsjøen i 1991.

Studier av åtferd hjå norsk-arktisk torsk og kysttorsk ved hjelp av merker har gjeve interessante resultat, blant anna ulike vandringsmønster for desse to torskestammene.

Innsamling og opparbeiding av torskemagar har i 1995 halde fram i omlag same omfang som tidlegare år. Dette er eit heilt sentralt datagrunnlag for fleirbestandsmodelleringa. Frå og med 1996 vil dette arbeidet bli overført til programmet "Ressursovervaking og rådgjeving".

# MENGDEMÅLINGSMETODIKK

Programleiar: Olav Rune Godø



gi sikre mål for bestandsstorleik og pålitelege prognosar for fangst av dei viktigaste fiskeslaga våre er eit hovudmål for Havforskinginstituttet. Data frå kjelder utanom kommersielt fiske, det vil seie frå eigne granskningar, har vorte alt viktigare dei siste åra. Dette forskingsprogrammet skal ut frå fiskeriavhengige data arbeide for å betre og utvikle metodane for fastsetting av storleik og samansetting av fiskebestandar.

Ekkolodd og trål er dei mest brukte reiskapa for å observere og måle fisketettleik og biologiske parametrar i bestandane. I hovudsak arbeider vi med fisk, men ettersom det er behov for effektiv overvaking av stortare, har vi fått inn eit prosjekt på utvikling av akustisk målemetodikk til dette føremålet.

For instituttet er det gjennom metodeutvikling viktig å gjere resultat frå granskningar med ekkolodd og trål meir sikre.

I metodearbeidet konsentrerer vi oss om to innfallsvinklar for å betre bestandsmåla. For det første skal metodikken for observering, måling og prøvetaking gjerast betre, slik at grunnlaget for mengdeberekningane vert meir påliteleg og fullstendig. For det andre har programmet fleire prosjekt med mål å utnytte innsamla data betre gjennom meir effektive metodar for datahandsaming og gjennom utvikling av ny metodikk for mengdeberekning.

Problema i samband med observering, måling og prøvetaking er sterkt knytt til grenseflatene i havet - til botnen og overflata.

I overflata er vindaugen som ekkoloddet "ser" innskrenka fordi lydkjelda ("svingaren") einast "ser nedover" frå det djupet han er plassert i under båten.

Metoden si evne til å "sjå" fisk nær botnen er avgrensa av type botn, djup, vertilhøve og liknande.

Observasjonsvindaugen til trålen er avgrensa av storleiken på trålen, og vil i alle høve sile berre ein brøkdel av volumet i vassøyla anten ein tråler pelagisk eller nær botnen.

Skal ein kunne rekne ut fiskemengdene etter ein eller begge observasjonsmetodane, må ein ta omsyn til kor tilgjengeleg fisken er innafor observasjonsvindaugene til metodane.

Fisk er ikkje punkt med faste eigenskapar og stabil posisjon, slik mange standardmodellar set som vilkår. Som vi veit er fisk tvert om levande organismar som naturleg vandrar både vertikalt og horisontalt i vatnet, og som har varierande eigenskapar etter sesong og miljøtilhøve. Arbeidet i programmet har vore konsentrert om torsk, hyse og sild, og dette er artar som i stor grad fordeler seg både innan og utanfor observasjonsvindaugen til ekkolodd og trål. I tillegg er fisken ofte lett påverka av båt og trål under prøvetaking og observering - han flyktar unna - og dette kompliserer berekningane av mengder fisk innanfor og utanfor observasjonsvindaugen til målemetodane. Pågående prosjekt har skaffa ny kunnskap om naturleg og fangstpåverka åferd til fisk. Dette er viktig kunnskap i arbeidet med å talfeste underskotet i bestandstala - alt-så fisk utanom observasjonsvindauga til trål og ekkolodd.

Akustisk refleksjonsemne til fisk (TS) - kor sterke ekko vi får - varierer med forma og storleiken på symjeblæra, og vidare med korleis fisken står om han står vassrett eller ei i høve til overflata (vinkelen til fisken). Arbeidet femner om både eksperimentelle studiar og feltarbeid, og kvaliten på dei akustiske målingane kan styrkast gjennom ei samanlikning av resultata. Kompliserte studiar av fiskeåtfred i felt vert sett i høve til miljøet (lys, temperatur, oksygen) og biologiske status (modning, feittinnhald og liknande), og vi samanliknar ekkostyrke-målingar (TS) under kontrollerte tilhøve. Ein kan her måle TS gjennom året med nøyte kontroll over miljøet, åferd og biologisk status. Målet er å talfeste korleis variasjonar i refleksjonemne påverkar mengdeberekninga av ein fiskebestand.

I dette programmet er det ei viktig oppgåve å talfeste kor effektive prøvetakingsreiskapane er, og likeeins å utvikle nye reiskap og reiskap som fangar meir representativt frå fiskebestandane. I 1995 fekk vi laga ein prototyp til ein

pelagisk trål med lukke- og opnings-mekanisme og fleire sekkar. Trålen kan dermed ta fleire prøver i eitt hal, og har store voner om betra kvalitet og effektivitet i yngeltokta når denne metodikken kjem i bruk. Når vi gjennom trål-forsøk har fått nye tal for kor effektive prøvetakingreis-kapane er, vil korrigeringsanalyser bli gjennomførte og dei korrigerte tidsseriane nyttå til å analysere kva effekten er på bestandsvurderingane.

Innsamling av data er berre halve jobben fram mot eit fer-dig utrekna mål for storleiken og samansetjinga av ein bestand. Feltarbeid er svært dyrt og ein må heile tida prø-ve å utnytte innsamla data betre. Dei modellane og verktøy-a som vert brukte til handsa-

ming av data må vere pålitelege og dei må ta omsyn til eksisterande kunnskap om fordelinga og åtferda til fisken. Mykje av arbeidet har tra-disjonelt vore avhengig av kunnskapen og vurde-ringsemna til ansvarleg forskar, eller grunna på vilkår om stabilitet i tid og rom som i mange hove ikkje held stikk.

Med tradisjonell metodikk kan effek-ten på toktberekningar vere alvorleg. For å gje-re mengdeberekning frå tokt sikrare, betre doku-mentert og lettare å re-petere, utviklar vi no dataverktøy for bruk om bord i for-skingsfartya.


Vi har òg sett inn monaleg med ressursar i utvikling av nye metodar for berek-nigar tufta på geostatistikk. Vi freistar her å karleg-gje strukturar i fiske-fordeelingane og knyte dei til omgivnad og miljø (botndjup, temperatur og liknan-de). Lukkast vi med dette, vil ein få bestanden målt med mindre avvik og høg-are presisjon. Det er eit viktig mål å utvikle me-todar som i mykje mindre grad enn i dag er grunna på vil-kår som ikkje er oppfylte.

Programmet driv i stor grad med forskingsaktivitetar som er svært ressurs- og kompetansekre-vande. Det er difor viktig å samarbeide med andre institusjonar og over landegrensene. Prosjekta i programmet har difor ei brei kontaktflate gjennom direkte prosjektsamarbeid (Norges for-skingsråd og EU) og gjennom deltaking i internasjonale arbeidsgrupper, symposier og liknande.



# ANSVARLEG FISKE

Programleiar: Ingvar Huse



nsvarleg fiske - internasjonalt kalla "Responsible Fishing" - er eit vidtfemnande omgrep. I dette ligg at ein skal hausta overskotet av ressursane i havet utan å skade korkje ressursane eller miljøet. Med andre ord femner det om mest heile verksemda til Havforskningsinstituttet. Men i dette forskingsprogrammet, som er nytt i 1995, har vi først og fremst sett søkelyset på korleis vi haustar ressursane, med andre ord sjølve fangstprosessen:

- at vi berre fangar den arten, storleiken og mengda vi ønskjer
- at vi får størst mogeleg overleving av dei organismane vi sorterer ut av reiskapen under fangstprosessen
- at vi får best mogeleg kvalitet og dermed også størst verdiskaping av fangsten

Vi arbeider frå ulike ståstedar for å nå måla i dette forskingsprogrammet. Eit breitt og grunnleggjande fiskeåtfærdsprosjekt skal gje oss kunnskap om lukt, syn og høyrse hos fisk. Denne kunnskapen skal så brukast til å betre gamle og utvikle nye fangstprosesser. Forsøk med levande fisk skal auke verdiskapinga innafor avgrensa fangstkvotor, og opne for nye produkt og marknader. Vi samanliknar ulike fangstmetodar for å få fram fordelar og ulemper i ulike fiskeri. Likeeins granskar og samanliknar vi ulike redskapstyper med tanke på kva potensial dei har for eit meir selektivt fiske. Men mest av alt skal dei ulike prosjekta betre dei selektive eigenskapane til det einkilde reidskap i eit spesifikt fiskeri.

Alle prosjekta i programmet er delfinansierte av Noregs forskingsråd. Nokre er samarbeidsprosjekt med industri-verksemder.


I 1995 gjennomførte vi åtfærdsforsøk for det meste i fjordar i Troms og Hordaland. Vi nyttar lydmerke innpakka i agn, som fisken så et i seg i sitt naturlege miljø. Merka sender signal til oppankra bøyar som registrerer posisjonen til fisken, djupet med vidare. Forsøka synter at

torsk og lange held seg i ro på same staden om natta, og vandrar på beite om dagen. Dei søker snøgt mot agnlukta frå ei line, og på sterkt lyd reagerar i all høve torskene raskt ved å symja vekk, medan raudspetta blir liggjande i ro. Torsk og sei vart tiltrekte av blinkande grøne lysiodar.

Tapte garn som står og fiskar vidare er eit stort problem vi freistar arbeide med frå ulike vinklar. Det er ingen tvil om at tapte garn held fram med å fiska svært så effektivt i lang tid. Vi har gjort forsøk med å feste lydmerke på garna slik at dei kan at finnast, og dette vil vi utvikle vidare. Grunnen til tap av garn er ofte at ilane går ned i sterkt straum. Vi prøver ut blåsær med mindre vassmotstand, og vi gjer forsøk med tråd som etter ei tid vert nedbroten av bakteriar i vatnet. Tanken er å kunna nytte slik tråd til skytingstråd eller liknande, slik at garnbussen søkk til botnar og sluttar å fiske etter ei tid.

Vi har i 1995 utført mange seleksjonsforsøk med trål og snurrevad. Trådtjukkleik og tauarfart har ingen verknad på seleksjonen i Nordsjøtrål. Men ikkje uventa auka seleksjonslengda med aukande fangstar. Rekerist med v-profilar gjev betre utskiljing av småreke og fiskeyngel enn rist med runde profilar. Seleksjon i snurrevad er eit aktuelt tema ettersom fiskarane får betre betalt for stor fisk enn for liten. Snurrevadrist med 50 mm spileavstand gjev same seleksjon for torsk og hyse som trålist med 55 mm spileavstand. For små snurrevadbåtar kan sekkar med kvadratiske mauskar vere enklare å bruke enn rist, og seleksjonen er om lag like god.

Eit vassrett skiljepanel i fisketrål gav god separasjon av torsk og hyse. I 42 tråthal vart til saman 90 prosent av hyse fanga i den øvre sekken, medan 70 prosent av torskene vart fanga i den nedre. Resultatet var om lag det same om natta som på dagtid. Dette er eit langt steg på vegn mot ein artsselektiv trål i torskefiskeria. Ein brei og låg sjøkreppstrål sett saman av tre mindre trålar i parallel, utstyrt med eit enkelt ristarrangement gav gode fangst- og seleksjonsresultat. Kombinert med korte sveipar gir den store breidda på opninga i høve til breidda mellom tråldørene minimalt med fisk i høve til sjøkreps.



Rister i notfisket etter sei og makrell har vi prøvt ut med vekslande hell. For sei går det fint. Ei rist med aluminiumsramme og spiler av polyesterkomposit på 2x2 m med 40 mm spileavstand gav god seleksjon og overleving, og ho er enkel å nytte. Makrellrista gjev òg brukbar seleksjon, og denne er også rimeleg grei å bruke, men overlevinga av utsortert makrell er ikkje så høg som vi skulle ønskje.

Lineforsøka er retta mot seleksjon i hyselinefisket, og mot kunstig agn. Det er for høgt innslag av småfisk i hyselinefisket, og vi vurderer no på ulike måtar å redusere dette problemet. Kunstig agn gjev større fangstar av hyse enn naturleg agn, men enno er det eit stykke att før kunstig agn gjev like store fangstar av torsk, brosme og lange. Dei komande to åra vil vi auke innsatsen på dette feltet.

Levandefiskprosjektet femner om aktivitetar frå teinfiske etter torsk og lagring av levande Lofottorsk til silderogn på tareblad. Tokamerteina fiskar mykje torsk, og i 1996


vil ho verte prøvd i noko større forsøk. Lofotskreien taper 30 prosent i vekt under gyting i merd ved levande lagring. 450 kilo Kazunoko-kombu, silderogn gytt på tareblad, vart hausta under sildegytinga i 1995. Prøvepartiet gav i Japan ein middelpriis på kr. 150,- og ein topp-pris på kr. 320,- pr. kg.

I prosjektet som omhandlar fangstrategiar samanliknar vi fangstar frå ulike reiskap i same tid og område. Målet er å kunne etablere seleksjonskurvar for dei ulike reiskapa. Datamaterialet er ikkje godt nok, så nye fiskeforsøk må til. Vidare har vi fått i oppdrag frå Noregs forskingsråd å vurdera kva potensial dei ulike fiskereiskapa har til å kunne gjerast betre i eit "ansvarleg fiske"-perspektiv.

Norske fiskarar er ansvarlege. Dei veit at det er deira eiga framtid det gjeld, og framtida til døtre og søner. Vår oppgåve er å hjelpe dei med reiskap og metodar som gjer dei endå betre i stand til å hauste av havet utan å skada korkje ressursane eller miljøet.

# YNGELPRODUKSJON I HAVBRUK

*Programleiar: Ingegjerd Opstad*



ålet er å utvikle intensive metodar for årstidsuavhengig sjukdomsfri produksjon av marin yngel, og oppskalere denne til stor skala.

Programmet omfattar kveite, torsk, steinbit og stort kamskjel, med hovudvikt på kveite.

## KVEITE

Skal kveite utviklast til lønsam næring, må vi ha ein kontinuerleg, sikker og kostnadseffektiv produksjon av yngel. Hovudinnsatsen på kveite er no å løyse problem i startføringsperioden. Produksjon av startføringsklare kveitelarvar er svært tid- og kostnadskrevande. Vi har difor utført eit simulert transportforsøk for å undersøke om larvane kan transporterast frå eit anlegg til eit anna. Resultata viste at transporterte larvar utsette optak av byttedyr i tilhøve til ei ikkjetransportert kontrollgruppe, men vi fann ikkje skilnader i overleving eller vekst mellom dei to gruppene.

Vi har òg gjort forsøk med tilsetting av to ulike algar - Tetraselmis og Isochrysis - i startføringsstankane. Tetraselmis skulle vere dårlegare enn Isochrysis på grunn av manglande innhald av fleirumetta feittsyrer. Men forsøka tyder på at det er anna enn feittinnhaldet i algane som påverkar føropptak og overleving hos kveitelarvar. I tidlegare startføringsforsøk har det vore vanskeleg å få eit ønskjeleg førtillag (at larvane byrjar ete) fordi larvane samlar seg i store tettheiter i overflata. Men når vi nytta lys av typen UV-a i ein kort periode etter overføring til startføringsstankene, løyste vi dette problemet. For å finne optimal alder ved startføring har vi gjort forsøk med å startføre kveitelarvar ved ulik alder - ved 200, 230, 260 og 290 døgngrader etter klekking (døgngrader er døger multiplisert med temperatur). Best resultat fekk vi ved å startføre ved ein alder på 260 døgngrader.

Feilpigmentering av yngel er eit problem som skuldast feilernærings. Vi har freista løyse dette problemet gjennom fôringforsøk koncentrert om ein periode midt i starfôr-

ingsfasen - på den tida dyreplankton synest naudsynt for å oppnå rett pigmentering på yngelen.

Vi nyttar Artemia som hovudfôr. Ved å føre med naturleg dyreplankton i sju dagar av ein levendefôrperiode på 50 - 60 dager, har vi fått 95 prosent med rett pigmentering. Effekten av ein slik fôringsperiode med copepodar er størst i tida like før eller i byrjinga av metamorfosen til kveitelarvane (1,75 - 2,5 mm standard lengde). Kva som finst av copepodar, men ikkje i Artemia, og som avgjer pigmenteringa, veit vi enno ikkje. Ein kort periode med copeodefôring like før kveitelarvane metamorfoserte førte også til at yngelen hadde fullgod augevandring og kvit underside.

Eit alternativ til å samle dyreplankton frå sjøen er å dyrke lokale artar av desse.

I dette arbeidet har det vore viktig å finne produksjonspotensialet til den valde copepoden, Eurytemora affinis. Det synter seg vanskeleg å få denne arten til å la vere å danne kvileegg, og han vart difor borte i mai/juni. Det har heller ikkje vore lett å halde stabil kontinuerleg produksjon av denne arten i store utandørs system. I 1995 satsa vi difor på ein meir intensiv produksjonsmetode - ein hall der talet slepp lyset gjennom, dagleg tilsetting av laboratoriedyrka algar og betre temperaturkontroll. Skiftande algesamfunn i naturen gjennom våren (artssuksesjon) er ei forklaring på at Eurytemoras så tidleg blir borte. Ved å satse på fleire mindre, etterfølgjande kulturar (batch-kulturar) i staden for store kontinuerlege kulturar har vi klart å halde copepoden i kultur også gjennom sommaren. Vi har samla inn og berekna mengde av kvileegg, og funne faktorar som startar klekking av kvileegg frå botnen av kulturen. Egg som ikkje klekker, klekte etter å ha blitt utsette for hydrogensulfid i ein kort periode. Slike egg kan lagrast i lang tid og nyttast til å starte nye copepodekulturar.

Vi har gjort forsøk med to forskjellige laboratoriedyrka algeartar for å granske verknaden på produksjonsrate og næringsinnhald (feittsresamsetjing). I tillegg undersøkte vi potensialet for slike copepodekulturar i tilhøve til fôrbehovet til kveitelarvar. Fôrebels berekningar gir fôrproduksjon til 40 kveitelarvar pr kubikkmeter copepodekultur.

## TORSK

Ved Austevoll havbruksstasjon meistrar vi ein halvintensiv metode for yngelproduksjon av torsk som gir 50 % overleving. I 1995 arbeidde vi vidare med å utvikle ei intensiv line, for å få full kontroll i alle ledd. Vi fekk heile 22 prosent overleving i den intensive torskeyngelproduksjonen, medan målet var meir enn ti prosent. Vekstraten i desse forsøka var som rapportert frå pollar. Torskelarvar er veleigna som studieart, fordi vi har rikeleg tilgang på naturleg gytte egg, og larvane er heller robuste. I år meistrar vi også teknikker for å undersøke opptak av visse radioaktivt merka næringstoff i larvar. Dette vil gje oss kunnskap om larven si evne til å fordøye ulike føremne, kunnskap som er viktig for å kunne utvikle eit tørrfôr til marine fiskelarver.


I 1995 har vi også freista evaluere verknaden av ulik førtiligang gjennom larvefasen hos torsk. Torskelarvar blei ala fram i fem kubikkmeter store posar i Svartatjern og fôra med naturleg plankton (halvintensiv metode). Vi nytta ein energimodell til å styre førtilfôrsla. I to posar fôra vi for å gi 12,5 prosent dagleg vektauke, i to andre for 7,5 prosent. Resultata synte at larvane med minst næringstilgang vaks dårlegast og hadde størst spreiing i storleik. Ulik vekst kunne observerast alt etter ei veke. Overlevinga var jamn (41-52 prosent), og verka ikkje vesentleg til

dei observerte vekstskilnadene. Nok før er difor ein nøkkelfaktor for å redusere variasjon i storleik, og svært viktig for å minske kannibalismen ved intensivt yngeloppdrett.

## STEINBIT

Prosjektet vart avslutta ved årsskiftet. Vi har utarbeidd ei prosedyre for befrukting av steinbitegg. For å få høg kvalitet på egg frå gråsteinbit, må temperaturen under siste delen av eggmogningen ligge under 11 ° C. Forsøka i 1995 har granska verknaden av temperaturen under egginkubering, inkubasjonstid og yngelkvalitet. Effekt av temperatur (5-14 ° C) på tilvekst og opptak av protein er undersøkt på yngelstadiet. Effekten av temperatur på eggutvikling, vekst og utvikling av larven og forbruk av plommesekk er undersøkt.

Overlevinga i dei einskilde inkubasjonsgruppene varierte mellom 70 og 95 prosent. Noko unormal utvikling er observert hos nyklekka larvar inkubert ved 11° C. Optimal temperatur for steinbitegg er mellom 3 og 9 ° C. Larvar frå ulike temperaturgrupper er startfôra med høg overleving både ved bruk av berre tørrfôr og kombinasjon av tørrfôr/levande fôr. Optimal temperatur for gråsteinbityngel ligg mellom 10 - 11 ° C, medan vi fekk lågast førfaktor ved 9 ° C. Normalt får vi 95 prosent befrukting av egg, overleving i løpet av egginkubering er på 80 prosent; og



82 prosent overleving i samband med startfôring. Optimalisering av teknologien bør gi høgre overleving i dei einskilde fasane.

### KAMSKJEL

Arbeidet med å optimalisere yngelproduksjonen held fram. 1995forsøka har vore retta mot å teste korleis fôrsamansetjing og temperatur i larve- og yngelfasen verkar på den vidare veksten. Vi har undersøkt effekten av algesamansetjing på overleving og vekst hos postlarvar (større enn 2 mm) og liten yngel (2 - 15 mm) etter overfôring til tre ulike temperaturar (6, 9 og 15 °C). Fire typar fôringsopplegg er testa. Postlarvane hadde over 50 % overleving og høgast vekst ved 15 °C. Liten yngel hadde også høgast overleving (73 93 %) ved dei høgaste temperaturane.

### HELSE OG SJUKDOM

Målet er å redusere tap som skuldast sjukdom i yngelproduksjon av anadrom og marin fisk, ved å utvikle førebyggjande tiltak mot sjukdom. Stikkord i denne samanhenget er vaksinar og vaksinasjonsstrategiar, metodar for å påvise sjukdom, betre hygiene og bruk av probiotika (ikkje sjukdomsframkallande bakteriar).

Hovudinnsatsen har vore på kveite. Ved hjelp av nye påvisingsmetodar for sjukdom på cellenivå og smitteforsøk har vi vist at plommesecklarvar av kveite er mottakelege for sjukdom. Både bakteriar og virus ser ut til å kunne gi sjukdom i desse stadia. Forsøk synte òg at immunsystemet til kveita ikkje er utvikla så tidleg, og dermed kan ho ikkje vaksinerast. For å unngå sjukdom i desse stadia i ei produksjonsline for kveite, er einaste førebyggjande tiltak god hygiene og inntak av djupvatn som normalt inneheld mindre smittestoff enn overflatevatn.

Vi har vist at immunsystemet til kveita blir utvikla tidleg i startfôringsfasen, og at kveita følgjeleg kan vaksinerast på dette stadiet - når vi har fått utvikla vaksinasjonsmetodar for dette livsstadiet hos kveite. Her arbeider vi no med å få tilsett vaksinar i levande fôr.

Ved å nytte probiotika kan ein førebyggje sjukdom. Metoden er tufta på at den naturlege bakteriefloraen i tarm og på overflata av dyr vernar mot sjukdomsframkallande bakteriar. I forsøk fekk kveitelarvar i tidleg startfôringsfase tilsett levande bakteriar med antatt probiotisk verknad. Larvane fekk probiotika via Artemia, som var den einaste fôrorganisma i forsøka. Forsøka viste at det går an å manipulere tarmfloraen hos dei primitive larvane, og at det er naturleg å tilsette probiotiske bakteriar i fôrorganismane. Tilsvarande forsøk med bruk av ulike algar tilsett vatnet

under startfôring av kveite har vist at algane også påverkar tarmfloraen. Vår førebels konklusjon er difor at det er mogleg å manipulere tarmfloraen under startfôring av kveite. Vi vil arbeide vidare for å utnytte dette til å betre larveoverlevinga i denne fasen.

Det finst vaksinar mot virussjukdom (infeksiøs pankreasnekrose) hos laks og bakteriesjukdom hos kveite. Forsøk har vist at vaksinasjon mot bakteriesjukdomar utført etter metamorfose gir ca. 80 prosent vern mot sjukdom. Vaksinasjon mot infeksiøs pankreasnekrose ser ikkje ut til å gi same gode resultat som hos laks. Dette kan skuldast ulike immunsystem hos kveite og laks. Vi arbeider vidare med å betre og vidareutvikle desse vaksinane.

For laks er målet å betre og vidareutvikle vaksinar og vaksinasjonsstrategiar. Det er her viktig å ha god kunnskap om immunsystemet til laksen og kva det er som påverkar dette. I samarbeid med Enæringsinstituttet har vi vist at vitamin- og jarninnhaldet i føret påverkar immunsystemet til laks. I samarbeid med Universitetet i Bergen er det utvikla reiskapar for å karakterisere immunsystemet. Dette er reiskapar som må vidareutviklast for å kunne nyttast i vidare utvikling av vaksinar og vaksinasjonsstrategiar.

Det er veterinærstyresmaktene som er ansvarlege for helseovervaking av skjel. I delprosjektet "Skjelhelse" har vi difor prioritert å samarbeide med Veterinærinstituttet. Vi har utarbeidd ein helseplan for norsk flatøsters og byrja samle inn materiale frå kommersielt viktige østers- og kamskjel-bestandar. I studier av immunforsvar til skjel er Stort kamskjel nytta som modelldyr. Det er utvikla metodar som gjer det mogleg å måle direkte fagocytose (opptak av framandpartiklar) i celler i immunsystemet hos skjell, og ein arbeider vidare for å kunne nytte metoden i eksperimentelle studiar av immunforsvar under ulike vilkår.

Dei "kommersielle" produsentane av kveiteyngel har i 1995 produsert mindre enn ein tredel av antal yngel produsert i 1994. Dette har ført til mangel på yngel for dei som vil starte opp med matfiskproduksjon av kveite. Den låge yngelproduksjonen skuldast først og fremst fôrtillgang og sjukdom. Mengda tilgjengeleg naturleg dyreplankton var i 1995 låg, truleg grunna ugunstige værtilhøve. I tillegg har det vore skort på Artemia på verdsmarknaden. 1995-resultata syner at vi i dag ikkje har ein sikker metode for å produsere kveiteyngel. Framleis er mykje grunnleggjande forskingsarbeid ugjort. Det er viktig å finne alternative fôrkjelder (formulert fôr/dyrka dyreplankton). Arbeidet med førebyggjande helsearbeid må halde fram. Det er òg svært viktig å redusere kostnadene i produksjonen av kveiteyngel.

# OPPDRETTSSORGANISMAR, HELSE VEKST OG KJØNNNSMOGNING

Programleiar: Geir Lasse Taranger

**M**alet til dette programmet er å utvikle biologisk og økonomisk rasjonelle produksjonsliner der salgbar matvare av høy kvalitet er sluttproduktet.

Programmet skal:

- 1) Auke kunnskapen om kva som påverkar vekst, fysiologi, fôrutnytting, slaktekvalitet og atferd til fisken.
- 2) Auke kunnskapen om reproduksjon hos oppdrettsorganismar og utvikle metodar for å utvide gyttesesongen og betre kvalitet på egg og melke.
- 3) Auke kunnskapen om utvikling og førebyggjing av sjukdomar, ugunstige miljøverknader og parasittåtak.

## VEKST OG FYSIOLOGI

Nullårig smolt kan produserast ved å gi lakseparren ein periode med korte daglengder fulgt av ein periode med lang dag. Vi evaluerer no laksesmolt produsert under lysregimer med 0, 2, 4, 6, 8 eller 10 veker. Resultata tyder på at nullåringane kan produserast ved hjelp av lyspåverknad i seks veker med ei daglengde kortare enn 14 timer, fulgt av seks veker med kontinuerleg lys. Det er vist at lysstyring i sjøvatnsfasen verkar positivt på vekst av nullårig haustsmolt sameleis som for vanleg eittårig vårsmolt.

Utsetting av haustsmolt av laks i lukka merd med djupvatn gir betre vintervekst samanlikna med opne merdar, medan sommarveksten er betre i opne merdar. Ei kombinasjonsdrift der ein set haustsmolt ut i lukka merd, for så å overføre fisken til open merd om sommaren, kan totalt sett gje betre vekst enn bruk anten av open eller lukka merd i heile sjøvatnsfasen. Fôrebels data tyder på at vekstraten til regnbogearuren i sjøvatn let seg påverke av lysperiode. Våren 1996 vil vi måle effekten på kjønnsmognings-

Sur nedbør har årsaka mykje fiskedød i Sør-Noreg. Desse problema er ofte knytt til giftige aluminiumsstoff (ionar) som blir vaska ut av jordsmonnet av den sure nedbøren. Observasjonar på Vestlandet tyder på at det også kan danast giftige stoff når surt aluminiumshaldig smeltevatn

blandar seg med sjøvatnet i fjordane. I forsøk har vi påvist både dødeleighet og skadelege effektar på laks oppdretta i slike blandingssoner. Vi har også klare indikasjoner på at andre marine organismer som blåskjel og tanglopper blir påverka av sur nedbør.

Vi har i 1995 gjennomført vekstforsøk med matfisk av kveite i kar, i lukka merd og i open merd med utsplitt botn. Forsøk i kar viser at botntilhøva er viktige for helsa til kveita. I kar med glatt botn prøver kveita å grave seg ned, og ho får då ofte sår. Men desse problema blir redusert ved å bruke plastnetting på botnen av karet. Vi har også vist at ein kan bruke plastnetting som hyller for å auke botnarealet. Forsøka i open merd viser at kveita trivst godt på ein utsplitt notbotn, og at denne oppdrettsmetoden synest gi minst like god vekst som kveite i kar. Dette viser at kveite kan oppdrettast i modifiserte laksemerdar, og ein kan såleis få langt lågare produksjonskostnader i matfiskoppdrett av kveite. Bruk av open merd vil gjere det lettare både økonomisk og kompetansemessig å byrje med matfiskoppdrett av kveite. Kveite i open merd kan likevel få større problem med parasittåtak og solbrentheit. Ein får også god vekst ved å halde kveite i lukka merd. Denne teknologien har den føremonen at ein kan nytte varmt djupvatn om vinteren for å auke veksten, og ein kan også unngå ekstreme sommartemperaturar.

Forsøk utført i kar viser at det er mogleg å utsetje kjønnsmogningen hos torsk med meir enn eitt år ved hjelp av lysstyring. Tidleg kjønnsmogning er eit hovudproblem i matfiskoppdrett av torsk, fordi dette gjev seinka vekst og lengre produksjonstid til salstorleik. Innleiande forsøk med lysstyring i merd, i samarbeid med industripartnarar, viser at kjønnsmogningen kan utsetjast med eit halvt år samstundes som veksten aukar. Det er likevel ønskjeleg å utsetje mogningen med minst eitt år for å få torsken opp i slaktestorleik før mognings. Vekstrata for stor torsk bør også aukast for å få lønsam drift.

## STAMFISKHALD

Vi har i 1995 gjort forsøk for å utvikle kommersielle metodar for å framkunde gytetidspunktet hos laks ved

hjelp av lysperiodestyring. Grunnlaget for effektivisering av produksjonen av nullårig laksesmolt er tidleg gytte egg. Ei førebels evaluering av resultata viser at framskündinga av gytetidspunktet var mindre enn venta. Dette kan skuldast relativt høg temperatur like før gytting.

Vi har utvikla metodar for sesonguavhengig gytting hos kveite ved hjelp av lysperiode- og temperaturstyring. I samband med dette har vi også utført målingar av kjønns-hormon i blodplasma for å få meir grunnleggjande kunn-skap om reproduksjonsfysiologien til kveita, og korleis ulike miljøfaktorar verkar inn på kjønnsmognings-proses-sen hos kveite.

### LAKSELUS

Med metodar utvikla i dette programmet har vi fulgt luse-utviklinga gjennom vinteren. Det ser no ut til at lusenivået i sesongen (frå tidleg vår og utover) kan bereknast og luseår varslast så tidleg som i januar. Det står att å sjå om metoden kan vidareutviklast til å gjelde større område eller heile kysten. I siste halvår av 1995 vart nye lakselupper sett ut for å beregne påslag (og framvekst) av lakselus fram mot sommaren 1996. Det er grunn til å tru at 1996 ikkje blir det same luseåret som 1995 langs norskekysten. Det er grunn til peike på at den spesielle situasjonen for fjordsistema ikkje er med i denne granskninga. I samarbeid med Universitetet i Oslo har vi starta grunnleggjande stu-dier av biologi og atferd hos lakselus, mellom anna hop-pemønster som vil ha konsekvens for spreiing av vaksne individ.

Vinterlagring av leppefisk har vist at sjukdomskontroll er heilt avgjerande for å lukkast. Sjølv små skader på fisken gjev sjukdomsutbrot av atypisk furunkulose og vibriose. Vi har vist at leppefisk ikkje vil ete kamskjel av utsettings-storleik. Dette gjer det mogleg å bruke leppefisken i sam-band med hengande kulturar av kamskjel.

### SLAKTEKVALITET

For å betre kvaliteten på norsk oppdrettslaks treng vi betre målemetodar for slaktekvalitet og innsikt i prosessane som påverkar kvalitet. Vi har samanlikna tradisjonelle kjemiske metodar med ein ny metode (kalla "Nær infra-raud transmisjon"- NIT) for å måle feitt, protein og vatn i filét i fisk med ulik bakgrunn. NIT er ein enkel og rask metode for å måle dette i laksefilét. Vi har også til prøving optiske målemetodar og biletanalyse for å bestemme farge og jamnheit i farge på filét, og vi har samanlikna desse metodane med visuelt vurdert farge og kjemisk målt astaxanthin i filét. Vi testar òg ein målemetode for kjøt-struktur (tekstur) hos laks. Forsøka viser at ein kombina-sjon av svelting og lysstyring kan nyttast til å påverke ei-genskapar som feittinnhald og tekstur hos laks.

### GENETISKE SKILNADER I FORDØYING

Vekst og kvalitet hos laks blir påverka både av proteinkva-liteten i føret og fisken si evne til å utnytte proteinet i fø-ret. Laks som har den vekstfremjande forma av fordøy-ingsenzymet trypsin (TRP-2\*92) viser betre fôrutnytting og større motstandskraft mot sjukdom. Laks med TRP-2\*92 utnyttar protein betre enn laks med andre former av trypsin og har meir av frie aminosyrer i kvit muskel. Den-

ne effekten blir forsterka når vi gir laks delvis nedbrote protein (ensilasje, fiskeprotein-konsentrat). TRP 2\*92-forma er arveleg, og utveljing av fisk med denne forma kan såleis gi positive effektar på vekst og fôrutnytting i norsk lakseoppdrett. Vi har no byrja å utvikle ein metode for å kunne påvise førekost av TRP 2\*92 på gennivå ved hjelp av DNA-teknikkar. Ein slik metode vil gjere det mogleg å påvise om eit individ har TRP-2\*92 ved å ta prøver av allslags vev frå laks.

### SJUKDOM I MATFISKPRODUKSJON

Studiar av smittevegane for Infeksiøs lakseanemi (ILA) syner at smitten blir spreidd gjennom blod, slim, urin og avføring. Ting tyder på at smitten blir teken opp over gjellane, og at smitte gjennom munnen er ein lite truleg smitteveg. Fisk som er smitta skil ut virus alt ei veke etter at den ble utsett for smitte, og vi har vist at fisk som over-lever ILA kan skilje ut virus fleire veker etter sjukdomsut-brot. Forsøk er starta for å studere overføring av sjukdom mellom laks og marin fisk. Smitteforsøk med ILA-virus på kveite tyder på at kveite ikkje utviklar ILA eller fungerer som smittekjelde for ILA-virus. Vi har no byrja granske sesongvariasjonar i førekost av sjukdomsårsakande mikroorganismar i ein populasjon av leppefisk (bergnæbb). Vi har gjort forsøk med ulike vaksinasjonstids-punkt på nullårig laksesmolt med tanke på å finne fram til optimale vaksinasjonstrategiar.

I 1995 har vi også utført studiar for å finne effektive anti-bakterielle midlar. Desse viser at stoffa flumekvin, ok-solinsyre og ein kombinasjon av trimetoprim og sulfadi-midin er effektive for å stoppe sjukdomsutbrot årsaka av bakterien Aeromonas salmonicida.

### STERIL LAKS

Det er produsert triploid laks ved å utsetje lakserogn for høgt trykk like etter befrukting. Triploid laks er steril, og bruk av slik laks kan redusere mogleg negativ påverknad på villaks-stammar i elvane. Ved å bruke triploid holaks kan ein truleg unngå at rømt oppdrettslaks går opp i elvane. Vi studerer no produksjonseigenskapane til triploid laks i oppdrett. Så langt viser resultata at triploid laks har like god vekst i ferskvatn som normal laks, mens døde-ligheita er høgare hos triploid laks frå befrukting til start-fôring. Smitteforsøk med bakterien Aeromonas salmoni-cida tyder på at det ikkje er skilnader i motstandskraft mot furunkulose mellom vanleg og triploid presmolt (yngel).

### HYDROAKUSTISK FÔRINGSKONTROLL

Det er utført innleidande forsøk med hydroakustisk over-vaking som viser ulik vertikalfordeling mellom kunstig lyssett laks og laks med naturleg lys.

Dette programmet endrar omfang i 1996, ettersom helse-, sjukdomsforskninga og molekylærbiologiske studiar av fordøyning er overførte til eit nytt program for fiskehelse og bioteknologi. I samband med dette er no også tittel, mål og prosjektorganiseringa i dette programmet noko endra.



# HAVBEITE

*Programleiar: Knut Jørstad*

**D**en viktigaste delen av havbeiteforskinga ved instituttet fell inn under det nasjonale PUSH-programmet som no går mot endes. I fleire av dei tunge prosjekta innan programmet vert aktiviteten sterkt prega av arbeid med attfangst og endeleg rapportering av resultata. Sjølve programmet skal evaluerast i 1997.

## TORSK

I 1995 produserte vi torskeyngel i Parisvatnet, og kunne henta ut 170 000 yngel frå pollen. Storparten av denne fisken selde vi til oppdrettarar. Berre nokre titals fisk vart nyttta i eigne forsøk.

Utsettingsforsøka i Øygarden har gått som planlagt. Vi har gjennomført forsøk med omsyn til val av lokalitetar, predator-trening og akklamatisering. Predasjon (beiting) frå skarv i utsettingområdet ser ut til å vera eit alvorleg problem. Den utsette fisken har ei svært varierande overleving. Attfangstane varierer mykje, dei beste resultata er 6 - 8 prosent attfangst, og det er lågare enn venta. Dette gjeld òg torskeutsettingane i Nord-Trøndelag, som er gjort i samarbeid med fiskerisjefen i Trøndelag. Attfangstane er låge, noko som òg skuldast liten fiskeaktivitet i dette området. Det same gjeld for villfanga torsk, som er merka og sett ut igjen. Også her er beiting frå skarv eit problem.

I 1995 gjennomførte vi òg eit forsøk for å måla korleis overlevinga er for plommeseklarvarar av torsk, noko internasjonal havforsking dei siste hundre åra fåfengt har freista finna svaret på. I forsøket nyttja vi genetisk merka fisk, noko som gjer mogleg å identifisera larvane alt når dei klekkjer. I mai sette vi ut 21 millionar nyklekte torskellarvar med genetisk merke i Heimarkspollen i Austevoll. To månedar seinare synte ei prøvetaking i pollen ei målbar overleving, og ti prosent av dei innfanga torskellarvane var genetisk merka. Vi skal no følgje opp med prøvetaking for å få tal på kor mange som framleis er i live eitt år etter utsettinga.

## HUMMAR

Hummarklekkeriet på Kyrksæterøra er no lagt ned, og

aktiviteteten i prosjektet er i hovudsak attfangst ut hummar utsett på Kvitsøy. I ein eigen rapport - "Håndbok i hummaroppdrett" - gjer vi greie for røynsler vi til no har frå hummarproduksjonen. Vi har òg skrive ei utgreiing om hummar og ulike forvaltingstiltak.

Hausten 1995 la vi ned eit omfattande arbeid i å registrere attfanga havbeitehummar på Kvitsøy. Vi har her eit godt samarbeid med Kvitsøy kommune og dei lokale fiskarane. På Kvitsøy har vi registrert ein kraftig auke i fangstane av havbeitehummar. Til saman fann vi over 800 havbeitehummar i fisket, noko som utgjorde 26 prosent av all fiska hummar over det lovlege minstemålet på 25 cm. I dei registrerte fangstane av små hummar under lovleg storleik, var heile 63 prosent utsett havbeitehummar, og vi ventar ein klar auke av havbeitehummar i dei lovlege fangstane i åra framover. Det er 1991-utsettinga som dominerar attfangstane så langt, og vi har truleg ikkje nådd maksimum i attfangstane. Dette tydar at det er for tidleg å beregne kor stor den endelege attfangsten blir. No er atfangsten på den beste gruppa av 1991-utsettinga ca 6 prosent, og her er ikkje medrekna attfangst under lovleg storleik. Vi har sett ut merka hummar på Kvitsøy kvart år frå 1991 til og med 1994. Det er såleis heilt klårt at dei endelege tala frå atfangsten ikkje kan samlas inn i løpet av PUSH-perioden.

I tillegg til forsøka på Kvitsøy, held vi fram med dei mindre, eksperimentelle utsettingsforsøk i Øygarden. Også her er atfangsten prioritert. Vi har òg registrert vill hummar i utvalde referanseområder, for å kunne vurdere nytta av utsettingane. I 1995 har vi vidare arbeidd med å finna metodar for å kunne finne fram til kor gammal hummar er (alderslese-metodar), og i desse forsøka har vi nyttat attfanga havbeitehummar frå Kvitsøy, ettersom dette er hummar vi kjenner alderen til.

## LAKS

Lakse-utsettingane på Sotra - med mål å utvikle havbeite med laks i kystområde med små vasskjelder - er no nærast sluttført. Vi ventar berre få fiskar attende i 1996, og desse vil påverke gjenfangstresultata i liten grad. Tala frå 1995

støttar tidligare resultat. Som venta er fangstane dominerte av fisk som har vore to år i sjøen, og berre 9 prosent av desse er tekne på utsetjingssanden, det vil seie i Selstøvågen. Fisk frå Dale-stamma kjem høgast ut i attfangst, og for begge dei viktigaste utsetjingane ligg gjennomsnittleg attfangst no på 5 prosent. Nokre familiegrupper i denne stamma har ein attfangst på nærmere 10 prosent. Dei andre stammaene som er nytta - Lone- og Vosso-laks - har gjeve langt lågare attfangst. Vi har observert ei betydeleg streifing av laks, og streifarane er særleg rapporterte frå nokre av dei sure elvane på Sør-Vestlandet. Vi har registrert lita streifing til lakseelvar i Hordaland. Nokre forsök viser at streifinga vert redusert dersom fisken får gå i oppdrettskar med kraftig vasstraum.

Havforskinginstituttet er også fagleg rådgjevar for lakseutsetjingane på Vega. Siste utsetjinga av 135 000 laksesmolt vart gjennomført i juni i 1995. Under utsettinga vart det utført afterdsobservasjonar og hydrografiske registreringar. Førebels attfangstar frå tidlegare utsetjingar av laks på Vega viser låge tall (0,2 -0,4 prosent) for eittårig smolt, men noko høgare attfangst (2 -3 prosent) for to-årig smolt. Den attfanga laksen i utsetjingsområdet er gjennomgåande stor fisk som har vore fleire år i sjøen.

I hovudprosjekta nemde ovanfor har vi i større eller mindre grad lagt inn genetiske analyser. Her granskar vi særlig genetiske endringar i produksjonsprosess og mogleg innverknad på dei ville stammene av laks og hummar. I tillegg har vi gjennomført spesielle studiar knytta til geninteraksjon mellom oppdrettslaks og ville laksestammer.


Som ein lekk i dette har vi i 1995 gjennomført ein større analyse av prøver av oppdrettslaks frå avlsstasjonen på Kyrksæterøra, og her er det funne fleire nye gensystem som kan nyttas vidare i meir detaljerte studiar. I 1995 har vi òg arbeidd med utvikling av samarbeidsprosjekt med russiske fagmiljø. Fleire ulike sildetypar blandar seg i Barentshavet, og vi treng her ein sikker metode til identifisering, og denne må utviklast saman med russarane. På laks har vi òg byrja samanlikne genkarakterar hos norsk og russisk laks. I 1995 har vi vidareført arbeidet med tilpassing av DNA-metodar til identifisering av fiskestammer.

## KAMSKJELL

I 1995 har det vore stor interesse for kamskjelldyrkning. Saman med Universitetet i Bergen og fleire fylkeskommunar langs kysten, er det bygt opp ein eigen organisasjon der forsking, forvalting og næringsutøvarar samarbeider svært tett. Forskingsaktiviteten er òg knytt opp mot liknande arbeid i andre land gjennom delta-kong i EUprosjekt. I 1995 fekk ein eit gjennombrot i dyrkinga av kamskjelyngel med storleik 15 mm. I Espeviken-pollen vart det produsert omlag 1,5 million yngel, og dette opnar for ei monaleg produksjon av større skjel. Ei anna viktig oppgåve er å utvikle rasjonelle metodar for utsetjing og dyrking i såkalla botnkultur. På det området har ein eit nært samarbeid med aktive næringsutøvarar i Trøndelag, og i 1995 vart merka kamskjel sette ut på fleire lokalitetar. Vidare har vi byrja å registrere gode lokalitar for kamskjelldyrkning på kysten. Det er planlagt ei monaleg opptrapping av kamskjelforskinga dei kommande åra.

# MILJØKVALITET

*Programleiar: Jarle Klungsøy*



ålet med dette programmet er å finne ut i kva grad tilførsler av forureining til norske kyst- og havområde påverkar kvaliteten og livsvilkåra for fisk og andre marine organismar.

Havforskningsinstituttet har i fleire år gjennomført granskningar langs norskekysten, i Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet. Granskingane i Nordsjøen er ei direkte oppfølging av problema og kunnskapshola tekne opp i den såkalla Statusrapporten for Nordsjøen (North Sea Quality Status Report 1993), utarbeidd av forskrarar og miljøadministrasjonane i nordsjølanda. I rapporten kom det fram at Skagerrak og Kattegat var særleg belasta grunna store tilførsler av næringssalt og organisk materiale, noko som førte til overgjødsling. Eit anna viktig punkt var dei forhøga nivåa av organiske miljøgifter i botnsedimenta i området, årsaka av lokale og langtransporterte tilførsler.

Skagerrak er det djupaste området i heile Nordsjøen. Meseparten av vatnet frå Nordsjøen og Austersjøen renn før eller seinare gjennom Skagerrak. Vatnmassane fører med seg store mengder oppløyst næringssalt, organisk materiale og finkorna partiklar, og Skagerrak er det viktigaste avsetningsområdet for slikt materiale frå Nordsjøen. Av 25 millionar tonn finkorna materiale som årleg blir ført ut i Nordsjøen, har vi rekna ut at havstraumane fraktar heile 17 millionar tonn til Skagerrak. Miljøgifter, både metall og organiske samband, er ofte bundne til dei finkorna partiklane.


Denne transporten av næringssalt, organisk materiale og miljøgifter til Skagerrak blir overvaka ved feltgranskningar og modelleringsarbeide. Målet er å kunne bruke modellar til å talfeste "naturleg" og menneskeskapt tilførsle av forureining til nordiske hav- og kystområder. Vi nyttar ein tredimensjonal fysisk/kjemisk/biologisk havmodell, NORWECOM (the NORwegian ECOlogical Model system) for å studere og talfeste variasjonar i sirkulasjon, transport og omsetjing av næringssalt, organisk materia-

le (inkludert algar) og miljøgifter i Nordsjøen, Skagerrak og Kattegat. Og vi set dette i samanheng med utslepp frå viktige utsleppskjelder (elvar) på kontinentet. Utviklinga og bruken av modellen vil legge grunnen for betre og sikrare berekningar av kor stor miljøbelastinga er for Skagerrak og Kattegat frå langtransportert forureining frå Nordsjøen og Østersjøen.

I perioden 1992-95 har vi teke kjerneprøver langs eit systematisk stasjonsnett i den norske delen av Skagerrak. Arbeidet er ein del av ei geofysisk og geologisk kartlegging av området, og blir utført av Noregs geologiske undersøkingar i samarbeid med Havforskningsinstituttet og andre forskingsmiljø i Noreg, Sverige og Danmark. Prosjektet inngår som ein første del i ei grunnleggjande marinegeologisk kartlegging av norske havbotnområde (MGK-planen).

Før MGK-prosjektet starta, fanst det lite kunnskap om bakgrunnsnivå av naturlege element i sediment frå Skagerrak. Naturlege element definererer vi her som alt produsert naturleg frå stoff i naturen ved biosyntetiske, geokjemiske og ulike kjemiske prosessar. I dette omgrepet inngår ikkje "naturframande" stoff som til dømes PCB (polyklorerte bifenylar) og klorerte plantevernmidlar skapt ved kjemisk syntese. For desse stoffa skulle det naturlege bakgrunnsnivået vere lik null.

Lange kjerneprøver på ca tre meters lengd frå dei djupaste delane av Skagerrak, syner at nivåa av bly og kvikk-sølv og andre grunnelement var relativt konstante frå år 1500 og fram til år 1850. Etter 1850 har dei fleste elementa vist ein gradvis auke fram til i dag, men nivåa er ikkje urovekkjande høge. For ca 75 prosent av dei granska areaala er tilførlene av metall uendra eller mindre enn i 1950. Barium er eit særtilfelle, ettersom det først viser ein kraftig auke etter ca 1970. Barium er eit viktig element i barytt, som i stor grad har vore nytta som vektsstoff i borevæske av oljeindustrien i Nordsjøen. Signala frå dei monalege utsleppa av borevæske og borekaks i Nordsjøen dei siste 25 åra ser vi no tydeleg i sedimentkjerner frå Skagerrak.



Ei grunnleggjande gransking Havforskningsinstituttet gjennomførte i 1990-91 i Nordsjøen, viste at sedimenta frå Skagerrak hadde høgare konsentrasjoner av organiske miljøgifter enn sediment frå andre delar av Nordsjøen. Dette fordi organiske miljøgifter som polyklorerte bifenyl (PCB) og poliaromatiske hydrokarbon (PAH) er bundne til den store mengda organisk materiale og finkorna sediment som søkk ut i Skagerrak. I samsvar med klassifikasjonssystemet til Statens forureiningstilsyn (SFT), karakteriserer ein situasjonen som "nokså dårleg". Resultata fra MGK-prosjektet stadfestar fullt ut dei forhøga nivåa av organiske miljøgifter i Skagerrak. Analysar av kjerneprøver viser at signala på auka mengder miljøgifter, som for tungmetalla, starta kring år 1850. Samla viser grunndataene våre på fysisk oceanografi, geofysikk og geologi at tilførslene frå Nordsjøen er ein monaleg del av den samla belastninga på sedimenta i Skagerrak. MGKprosjektet har såleis gjeve ny kunnskap og dokumentasjon som kan nyttast i miljø- og ressursforvaltingen av området.

I eit prosjekt starta opp i 1995 granskar vi korleis forureininga verkar inn på næringsnett og fiskesamfunn i Skagerrak. Målet er å identifisere i kva grad dei organiske miljøgiftene blir tekne opp i næringskjeda og transporterte gjennom næringsnettet frå plankton og botnorganismar til fisk. Kunnskap om dette er viktig for å kunne vurdere kva biologiske verknader desse stoffa kan ha på einskildindivid og samfunn. Denne kunnskapen vil også kunne nyttast av fiskeri- og helsestyresmaktene i ei vurdering av fiskekvalitet.

Havforskningsinstituttet er internasjonalt anerkjent for analysar av organiske miljøgifter som PCB, og vi har høg kompetanse innan biokjemi og reproduksjonsbiologi. Denne samla, tverrfaglege kompetansen nyttar vi til

å studere korleis PCB verkar på reproduksjonen til torsk. Førstegongsgytarar er gjennom ein sesong fôra med mat anrika på PCB, og vi sammenliknar gonadeutvikling og gyting med utviklinga i ei kontrollgruppe. Prosjektet skal gje meir kunnskap om dei biologiske verknadene av PCB. Dei første resultata frå prosjektet vil vere klare i 1996.

Miljøgifter har ei global spreying og kan sporast over alt i havområda våre. Dei siste åra har det vore aukande uro over at også dei marine økosystema i Arktis blir påverka av lokal og langtransportert forureining. Ein statusrapport om miljøtilstanden i nordområda blir no utarbeidd i regi av Arctic Monitoring and Assessment Programme (AMAP). I samband med dette har Havforskningsinstituttet i perioden 1991-95 gjennomført ei basisgransking i Barentshavet og Norskehavet for å kartlegge belastningsgraden i sediment og marine organismar. Særleg har det vore stor interesse for innhaldet av miljøgifter i fisk. Ei førebels vurdering er at alle miljøgiftene som er målt i meir tempererte og tettfolka område, også kan sporast i Arktis. Generelt er likevel konsentrasjonane noko lågare i nordområda enn til dømes i Nordsjøen. Vi vil arbeide vidare i 1996 med desse problemstillingane.

Studiar knynta til miljøeffektene av utslepp frå petroleumsverksemada på norsk sokkel er også ein viktig aktivitet innan dette forskningsprogrammet. I 1995 har vi arbeidd med ei basisgransking på oljeresistar i fisk, og rapport frå denne granskinga vil ligge føre i 1996. Arbeidet følgjer vi opp med studiar av korleis utslepp frå oljeverksemada påverkar biomarkørar i fisken. Målet er å prøve ut i kva grad såkalla biomarkørar - som registerer ulike typer biologisk verknad av forureininger - kan nyttast i ei meir langsiktig overvaking av petroleumsaktiviteten.

# FISKERIFORSKING I UTVIKLINGSLAND

*Programleiar: Tore Strømme*

**P**rogrammet skal medverke til ei berekraftig hausting av dei marine levande ressursane i dei landa vi arbeider i, på oppdrag frå NORAD. Målet er å medverke til at desse landa får effektive forvaltingssystem tufta på forsking - og at dei får sjølvstendige forvaltingsinstitusjonar i drift. Målet skal vi nå ved å overføre etablert og ny kunnskap til forskings- og forvaltungs-institusjonar i samarbeidslanda.

NORAD finansierer nesten heile verksemda i programmet, som er delt i åtte prosjekt etter geografisk arbeidsområde. Nansenprogrammet er det mest vidfemnande og omfattar ressurs- og miljøgranskinger med det nye forskingsfartøyet "Dr. Fridtjof Nansen". Vi har òg ei rad aktivitetar for meir direkte å styrke forskinga og fiskeriforvaltinga i samarbeidslanda. I 1995 var hovudinnsatsen i Namibia og Angola, og i noko mindre grad i Sør-Afrika.

Med "Dr. Fridtjof Nansen" gjennomførte vi i 1995 følgjande tokt:

I Angola, Kongo og Gabon: To sesongmessige granskinger av dei pelagiske ressursane, som i ein viss grad er felles for dei tre landa. I Angola gjennomførte vi også botnfisk-granskinger.

På spesielt oppdrag frå FAO målte vi i november-desember dei pelagiske bestandane utanfor Nordvest-Afrika.

For betre å forstå årsakene til at fiskebestandane svingar mykje i tallrikheit, har vi utført hydrografisk kartleggjing av havområdet utanfor Angola. Dette er eit område som kan ha stor betydning for dei meir kystnære farvatna. Vi har også utført granskinger på egg- og larvestadiet av lysing i Namibia.

"Nansenprogrammet" har også metodestudiar som tek sikte på å få betre og meir presise bestandsmålingar. Dette arbeidet utfører vi i nært samarbeid med tilsvarande verksemder i heimlege farvatn. Vi utfører interkalibrering av trålutstyr og granskinger av fangsteffektivitet i botntrål. Vidare arbeider vi med å utvikle sonar til reiskap for

mengdemåling av fisk som går i stim i overflata og i grunne område.

Forskingstokta skal i stor grad dekkja dei meir daglege behova for forvaltinga. I tillegg gir vi praktisk opplæring i toktarbeid om bord, og vi har tilbod om meir systematisk og teoretisk opplæring gjennom såkalte institusjonsbyggjande tiltak.

I 1995 har vi organisert ei arbeidsgruppe for forsking og forvalting av lysing i Namibia, med regional og internasjonal deltaking. Arbeidsgruppa granska også i kva grad lysingbestandane i området er fellesbestandar. I dette arbeidet tok vi også i bruk internasjonalt nytta kriteriar for deling av fellesbestandar.

Det er òg arrangert eit seminar og oppretta ei arbeidsgruppe som skal setje opp eit koordinert forskingsprogram for regional miljø- og ressursforskning i Benguelasystemet utanfor det sørvestlege Afrika.

I samarbeid med FAO har vi arrangert kurs for forskarar frå Namibia i bestandsmåling og prøvetaking.

Likewise kurs i miljøfysikk for studentar frå Angola, Namibia og Mosambik.

For å styrke det tosidige samarbeidet er det oppretta ein styringskomité for "Nansenprogrammet" i Namibia.

På grunn av dei politiske tilhøva i landet er det tosidige institusjonsbyggjande samarbeidet med Angola ikkje blitt utvikla i same mon som i Namibia. Det er avvikla eit arbeidsmøte med representanter frå fiskeridepartementa i Luanda og FAO. Målet var å utarbeide eit planleggjingsdokument for innsatsen til Nansenprogrammet i Angola i perioden 1996-2000.

I Mosambik er samarbeidet med forskingsinstituttet i Maputo gjennomført som avtalt, med unntak av rekruttering av ein rådgjevande fiskeribiolog. Biologen skulle ha vore på plass i Maputo i juni-juli 1995, men blir eitt år seinka. Innsatsen til Havforskingsinstituttet blir i 1996 omlag som i 1995. På forvaltingssida er ikkje aktivitetane gjennomførte etter planen grunna manglande oppfølgjing frå Mosambik.

Prosjektet i Sentral-Amerika vart som planlagt avslutta i september. Hovedmålet har vore å styrke regional og nasjonal ressursforvalting og fiskeriforskning. Måla og resultata synest vere oppnådde, det vil seie auka kapasitet hos fiskeriadministrasjonane og forskingsinstitusjoner, og det er utarbeidd ein strategiplan for fiskerisektoren i kvart land. Dei sentral-amerikanske landa har også kome med framlegg om forsatt samarbeid, og dette blir no vurdert i NORAD.

“Bei Dou”-prosjektet i Kina vart avsluttet ved utgangen av 1995, men i forlenginga av dette er det planlagt eit nytt treårs prosjekt innan forsking og forvalting. Forskarutveksling, studiebesøk og undervisingsstøtte er stort sett gjennomført i samsvar med årsplanen. Havforskinsinstituttets tekniske støtte til drift og vedlikehald av forskingsfartøyet “Bei Dou” vart avslutta i 1995. Vi overleverte blant anna ei grundig skipsteknisk vurdering med råd om oppfølgjingstiltak. Samarbeidet med Yellow Sea Fisheries Research Institute vil halde fram, men prosjektet vil i 1996 retta meir mot miljøstudiar og fiskeriforvalting.

I prosjektet i Nicaragua har aktivitetane vore svært avgrensa ettersom vi ventar på ei avgjerd i NORAD om eit ny land-til-land samarbeid med Nicaragua. Vår innsats har i 1995 i hovedsak vore fagleg støtte til NORAD i vurderinga av det nicaraguanske programframlegget.

Etter førspurnad frå fiskeristyremaktene i Vietnam, og med NORADs godkjenning, laga vi i juni-august eit utkast til eit prosjektdokument for norsk fiskerihjelp. I slutten av 1970-åra samarbeidde Havforskinsinstituttet med Vietnams havforskinsinstitutt i Haiphong om ressurskartlegging. I dette arbeidet nytta vi det norskgylde forskingsfartøyet “Bien Dong”. Vietnam ønskjer no ny aktivitet blant anna på forskingssida, og i løpet av første halvår 1996 vil vi utarbeide framlegg til prosjektplanar for Havforskinsinstituttets verksemeld i Vietnam.

I India har CIFNET utført det meste av dei planlagde prosjektaktivitetane. Havforskinsinstituttets sin innsatsen har, bortsett frå nokre praktiske forsøk i byrjinga av året, vore avgrensa til rettleiring og vurdering av resultata etter kvart som data har blitt tilgjengelege.

## NOKRE FRAMTIDSVURDERINGAR:

NORAD har bede Nansenprogrammet lage eit utkast til eit strategisk plandokument for perioden 1998-2000. Dette skal legge grunnen for det meir langsiktige planarbeidet som skal utførast av NORAD, Havforskinsinstituttet, FAO og UNDP i fellesskap. F/F “Dr. Fridtjof Nansen” vil truleg bli overført til ein annan region i løpet av dei nærmaste åra. Det blir difor naudsynt å kartlegge behovet for forskingsinnsats i andre regioner vurdert etter NORAD sine prioriteringar og prinsippa i uhjelpearbeidet.

I løpet av første halvår 1996 skal det lagast meir spesifikke planar for forsking og forvalting i Angola, Namibia og Sør-Afrika for perioden 1996-2000. Nansenprogrammet vil halde fram med institusjonsstøtte og forskingssamarbeid i desse landa, sjølv om fartøyet skulle bli overført til eit annet område.

Det blir også naudsynt med større innsats frå Nansenprogrammet til utarbeiding av eit detaljert plandokument for det internasjonale forskingsprogrammet i havområdet for Benguelastraumen. I neste omgang vil vi søkje støtte frå internasjonale fond til gjennomføring av programmet.

Det må klargjera kva rolle Nansenprogrammet skal ha i gjennomføringa av dette forskingsprogrammet.

Studiane for å utvikla forskingsmetodane vil halde fram. Vi kjøper ei taua instrumentplattform til “Dr. Fridtjof Nansen”, og denne blir ein viktig reiskap for større presisjon i både trål- og akustiske granskningar.

Miljøforholda til fiskeresursane kan då også kartleggast raskare og meir omfattende. På noko lengre sikt vil plattforma kunne legge grunnen for ein ny metodikk for bestandsvurdering.

Vi veit frå eigne røynsler at det er vanskeleg å lage realistiske framdriftsplanar for mange av prosjekta i dette programmet. Rammevilkåra i utviklingslanda er ikkje stabile, og framdrifta er i stor grad avhengig av avgjerdssprosessar i landa ute og i NORAD. Desse prosessane er vanlegvis omstendelige, og det er ofte vanskeleg å vite når naudsynne avgjelder blir tekne, og når ein realistisk kan vente resultat. Følgjeleg må prosjektleiarane vere fleksible i plannleggjingsarbeidet og stadig justere framdrifta. Det kan også vere vanskeleg å få til ei opptrappling av arbeidsinnsatsen på enkelte områder i prosjekta, ettersom ein i stor mon er avhengig av spesialkompetanse som berre nokre få personar har.

# SAMARBEID OG INFORMASJON

Hovudoppgåva til Havforskningsinstituttet er å overvake og utforske livet og miljøet i havet, og utvikle teknologi og biologisk grunnlag for fiskeri- og havbruksnæringa i Noreg. Instituttet skal vidare gje råd til norske styresmakter for ei framtidsretta forvalting av dei marine ressursane, det marine miljøet og norsk havbruksnæring. Forskningsresultata skal ut til næringane, til andre som har direkte eller indirekte nytte av forskinga, og også til grupper og einskildpersonar som er interesserte i kva vi arbeider med. Aktiv, utadretta informasjon er difor ei viktig oppgåve for instituttet.

Dei mange og store oppgåvene instituttet har, og dei enorme havområda vi skal overvake, gjer det naudsint og ønskjeleg å ha eit omfattande samarbeid både nasjonalt og internasjonalt. Dette gjeld blant anna overvakning og forsking knytta til felles fiskebestandar, forureining som blir transportert med havstraumane, havklima, forskningsoppgåver knytt til havbruk, utvikling av forskingsmetodar med vidare.

Det internasjonale råd for havforskning (ICES) står heilt sentralt i det internasjonale samarbeidet, og HI var også i 1995 aktivt med i ei rad ekspertgrupper (såkalla arbeidsgrupper) og i tilrådingskomitéane for fiskeriforvalting (ACFM) og havmiljø (ACME).

Samordna feltgranskingar og utveksling av data er ein viktig del av det internasjonale samarbeidet. HI samarbeider her tett med til dømes PINRO, det russiske havforskningsinstituttet i Murmansk. Dette gjeld først og fremst overvakning og mengdemåling av viktige felles fiskebestandar, men også rutinemessig overvakning av havklima/havmiljø, planktonproduksjon og liknande. Dei siste fire åra har HI også vore med på eit norsk-russisk tokt for å overvake radioaktiv ureining i Karahavet.

Med dei andre nabolanda våre har HI eit tilsvarende forskningssamarbeid. Frå 1995 vil vi her nemne spesielt prosjektet der Noreg, Russland, Island og Færøyane gjekk saman om å kartleggje/overvake norsk vårgytande sild i Norskehavet. Havforskaran frå desse landa skreiv òg ein fellesrapport tufta på historiske data om sonetilhøyrslle for norsk vårgytande sild. Denne rapporten ligg til grunn for politiske drøftingar landa imellom om forvaltinga av denne bestanden.

Data frå dei fleste fellestokt, og informasjon samla inn elles av kvar einskild nasjon, blir handsama og kvalitetsvurdert i Det internasjonale råd for havforskning (ICES), av forskarar frå fleire land i dei såkalla arbeidsgruppene. I neste omgang kjem så dei rådgjevande komitéane i ICES med råd om kvotar og miljøtiltak.

Som ein vil sjå av publikasjons- og foredragslista bak i årsmeldinga har instituttet også i 1995 vore med på fleire viktige nasjonale og internasjonale forskarmøte arrangert både innanfor og utanfor ICES-systemet. Her presenterer ein dei siste forskningsresultata, nye vitskaplege metodar og drøftar moglege nye samarbeidsprosjekt.

Innanlands har HI i 1995 vidareført det nære samarbeidet instituttet har med andre forskningsinstitusjonar og nor-

ske universitet. Med Fiskerforskning i Tromsø har HI ein samarbeidsavtale, og tilliks med tidlegare år hadde vi også i 1995 felles leiargruppe- og styremøte, der det praktiske forskingssamarbeidet vart drøfta.

Samarbeidet med Universitetet i Bergen (UiB) er vidareført i 1995. Som tidlegare har studentar fått høve til å skrive hovedoppgåver basert på data og toktdeltaking ved HI, og fleire av våre forskarar har fått rettleiing ved UiB i arbeid med doktorgradsavhandlingar. Fleire HI-forskarar er forelesarar og sensorar ved UiB, og vi har universitetsforskarar med spesiell kompetanse i forskingssjef II-stillingar ved instituttet.

Det er ei sentral oppgåve for HI å gje råd til norske fiskeristyresmakter om korleis vi bør forvalte dei marine ressursane våre. Likeeins skal vi gje råd om korleis vi bør vidareutvikle norsk havbruk på eit trygt genetisk og økologisk grunnlag. Ei tilsvarende oppgåve har instituttet andsynes norske miljøstyresmakter, særleg om spørsmål knytt til forureining av våre kyst- og havområde. I samband med desse rådgjevingsoppgåvene er HI representert i ei rad utval og råd, og deltek elles i løpende rådgjeving basert på den breie kompetansen til instituttet, årlege overvakingsaktivitetar og konkrete utgreningar og granskingar.

Sjå elles illustrasjonen her i årsmeldinga som syner dei viktigaste nasjonale og internasjonale kontaktane til Havforskningsinstituttet.

## INFORMASJON

Informasjon om resultata frå den omfattande forskinga til Havforskningsinstituttet kjem ut til styresmakter, næringsutøvarar og folk flest gjennom ulike kanalar.

Norske medier - aviser, radio/TV, fagblad og andre - har også i 1995 vore ein viktig formidlar av forskningsresultata våre. Forskarane har halde foredrag for næringsutøvara på årsmøte og andre samkome, særleg i fiskerinæringa. Dette er ein særverdig full del av informasjonsverksemda ved instituttet.

Tilliks med tidlegare år har vi også i 1995 spreidd ei stor mengde rapportar og populærvitenskaplege trykksaker til næringane, til skular og andre interesserte.

Også frå andre land har det i 1995 vore stor interesse for HI-forskninga, og instituttet har hatt TV-selskap og avisjournalistar frå heile Europa og frå andre verdsdelar på besøk. Reportasjane desse har laga, syner at Noreg satsar på havforskning og ei ansvarleg ressurs- og miljøforvalting. Tilsvarende gode reportasjar frå havbruksforskninga vår har kome i beste sendetid i til dømes BBC og andre utanlandske medier.

I november 1995 inviterte instituttet til eit to dagars preseseminar for vel tjue norske journalistar. Temaet var vitskaplege metodar for bestandsbereking, med særleg fokus på sild og torsk. Deltakarane fekk også orientering om ressursstoda i Nordsjøen.

I Noreg har vi, ulikt stoda i mange av dei europeiske nabolanda våre, eit relativt stort korps av interesserte og

velorienterte fiskeri- og havbruksjournalistar. Dei årlege presseseminara er eit godt verkemiddel for å gje norske medier fagleg oppdatering innan dette området. Gjennom seminara får vi også nye pressemedarbeidarar og medieverksemder til å interessere seg for HI-forskinga.

I tillegg til presseseminar og mange besøk av norske og utanlandske journalistar har instituttet i 1995 arrangert pressekonferanse om kvoteråda frå ICES, og i samarbeid med Noregs Eksportråd presentert havbruksforskinga på "Aqua Nor '95" i Trondheim. I det daglege har vi freista å gje norske medier god service med omsyn til bakgrunnsmateriale, illustrasjonar og anna.

I 1995 har instituttet vore representert på ulike messer, og forskarane har også her vore aktive informasjonsmedarbeidarar og gode ambassadørar for instituttet.

I mai deltok vi på messa "European Seafood Exposition" i Brüssel, og instituttleiinga hadde samstundes orienteringsmøte med sentrale personar innan forskingsforvaltinga i EU. Dette var ei nyttig og viktig markering av HI, ikkje minst med tanke på nye samarbeidsprosjekt med europeiske søsterinstitusjonar og finansiering gjennom forskingsprogramma i EU.

I august var vi med på messa "Aqua Nor '95", og fekk her på ein effektiv måte spreidd informasjon om havbruksforskinga vår først og fremst til norske oppdrettarar. Frå mai til september hadde vi på Solsiden Kystesenter i Oslo ei ubemanna utstilling der vi presenterte kamskjell som mogleg oppdrettsnæring i Noreg.

I 1995 gav vi ut 21 utgåver av det populærvitskaplege "Havforskningsnytt", og i høve havbruksmessa "Aqua Nor '95" i Trondheim satsa vi på havbruksforskning som tema. "Havforskningsnytt" blir svært godt motteke, og vi har også i 1995 fått rimeleg bra spreieing, både direkte til lestrarar og via media. På havbruksmessa åleine distribuerte vi 8 - 10 000 eksemplar.


Publikasjonsserien "Fisken og havet" er også viktig for formidling av forskingsresultat.

Frå 1994 til 1995 auka talet på utgåver frå 17 til 33 (særnumme-


ra medrekna, sjå oversyn på siste sidene i publikasjonslista). Det er særleg dei tre særnummara Ressursoversikt, Miljørappor og Havbruksrapport som når ut til mange innan næring, forvalting, skuleverk og andre. Desse rapportane har dei siste åra blitt oppgraderte både innhaltsmessig og med omsyn til layout. Særnummara er dei årlege "statusrapportane" frå Havforskningsinstituttet, og dei er no obligatorisk lesing for mange som studerer marine fag ved høgskular og universitet. I desse rapportane blir det også no trykt fleire utdypande spesialartiklar, skrivne slik at lestarar utan særlege forkunnskapar skal kunne få innsyn i både vitskaplege metodar og i viktige deler av forskinga vår.

